


Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2016 - ÅRGANG 31



Jaktpresten



Språkmennesket



Etnologen

Egil Støfring: Badstova i Støfringsdalen

Svein Årdalsbakke: Jølstringar i skuggen av Everest

Atle Hamar: Tre år med Roots Rock

Jonas Helge Torsheim: Synd, skam og straff

Innhald:

Huldra som kom med våren	Hallstein Dvergsdal	4
Jølstringar i skuggen av Everest	Svein Årdalsbakke	5
Litt frå Jølster mållag	Hilde Yndestad Halland	9
Gallen	Kjartan Myklebust	10
Ålhus lesering – leseglede i nær 100 år	Kari Øvrebø og Aina Gamborg	11
Amen! Den var god	Synnøve S. Bjørset	15
Litt frå Sogn og Fjordane mållag	Hallstein Dvergsdal	19
Til Afrika med språkkunnskap og gammal frysar i bagasjen	Hallstein Dvergsdal.....	20
Smettvev som identitetsberar i Jølster	Sallie Anna Steiner	24
Mitt 50-talsminne: Badstove i Støfringsdal	Egil Støfring	30
Nye kyrkjegardsportar på Helgheim	Hallstein Dvergsdal	33
Breen i Soleibotnen	Hallstein Dvergsdal	35
Synd, skam og straff i Indre Jølster på 1500- og 1600-talet	Jonas Helge Torsheim	36
Silje er den nye presten i Jølster	Hallstein Dvergsdal	39
Fotball, pub og Astrup	Jan Asle Bolset	43
Dåpsferda på Jølster 1942	Odd Skrede	45
Tre år med Roots Rock i Jølster	Atle Hamar.....	47

Gammalt frå Jølster

Ola Østenstad fortalde at han gjette sauene ein gong utanfor fjellknausen Kletten. I middags-tida sette han seg på ein liten stein og skulle ete middagsmaten. Medan han sat der, høyrde han det tok til å suse, omlag som når vinden bles sterkt, og han såg kor buskene bøygde seg, men det var stilt der han sat. Best som det, høyrde han noko som ramla inne i Kletten. Det høyrdest ut som ein slepte ein heil brote med askespilar ned på eit golv, og så høyrde han det sa: «Å tette meg kor eg frys». Sauene vart redde og sprang, og han Ola vart også redd og sprang derifrå.

Det var ei jente nedanfrå Solheim som hadde frose ihel der ein vinter. Ho var tullete, og ein kveld for ho, så dei ikkje fann henne att. Då marka hadde vorte berr om våren, fann dei henne oppe ved Kletten.

Kjære lesar!

Etter to år i ein slags nær døden tilstand, har Jølst vakna til live att, og bladet du akkurat no har opna er såleis å rekne som eit lite under.

Det å lage noko på papir er nemleg ikkje ein sjølvsgagt ting lenger. Det eg skreiv i denne spalta for mange år sidan, om at internett vil bli vår viktigaste kanal for informasjon, har slege til for fullt. Media har merka det lenge, og stoda for papiravisene, store som små, er slik at papirlesarane blir færre og færre, medan dei digitale plattformer har aukande trafikk. Det interessante spørsmålet er sjølvsgagt kor mykje av det digitale stoffet som blir gratis, og om annonsekronene flyttar seg frå papir til nett. Alternativet når det gjeld annonsering har synt seg for mange å bli internasjonale aktørar som Facebook og Google, der annonsekroner og skatteinntekter hamnar heilt andre plassar enn hos norske lokalaviser og i norske kommunekassar.

Det norske språket blir også utfordra av internett, kvar einaste dag. Vi ser dessverre tendensar til at det utviklar seg ein digital språkkultur der SMS-språket blir flytta over til andre tekstformer, spesielt i sosiale media og i diverse diskusjonsforum på nett. Dette gjeld ikkje berre unge menneske, som ein kanskje skulle tru, men også godt vaksne og menneske med solid språkbakgrunn. Språket skal utvikle seg, som alt anna, men det finst grenser.

Elles vil dette året gå inn i historieboekene som året då vi fekk eit politisk vedtak utan sidestykke sidan formannskapslovene i 1838, eller Grunnlova i 1814 for den del. Jølster kommune vil frå 1. januar 2020 vere historie, og bygda vil vere del av ein ny, stor kommune i indre Sunn-



fjord. Det står att mange og harde tak før alt er i boks, men vedtak om samanslåing er spikra, og Fylkesmannen har godkjent ekteskapet.

Det vart også forhandla fram ei intensjonsavtale om samanslåing av tre vestlandsfylke til eitt. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, representert ved fylkesordførarane, underteikna ei avtale der det vart skapt tvil om kva som skal vere administrasjonsspråk i den nye regionen. Slikt blir det bråk av, og det gjekk ikkje mange minuttane før det kokte både her og der.

Noregs Mållag var raskt på bana for å krevje nynorsk som administrasjonsspråk, noko Jølster Mållag støtta, i tillegg til Sogn og Fjordane Mållag.

Når det gjeld administrasjonsspråket i den nye storkommunen, så blir nok det nynorsk. Kommunesenteret blir liggande i Førde, som i fjor vart kåra til årets nynorskkommune. Så dette får vi tru borgar for ein solid nynorskpraksis i den nye administrasjonen.

2016 vil også bli hugsa for det store fokuset på Nikolai Astrup. Etter fantastisk godt besøkte utstillingar i London og Oslo, er kunstnaren frå Sanddalsstrand no i Tyskland. Også der strøymer publikum til utstillinga, og vi kan trygt spørje som den britiske storavisa The Guardian: «Kvifor er ikkje Astrup like godt kjend som Munch?»

Til slutt vil redaksjonen takke alle som har gjort sitt til at dette bladet vart som det vart. Kor godt det vart, får andre uttale seg om. Vi for vår del ønskjer lesarar og trufaste annonsørar ei god jul og eit fredeleg nytt år.

H.D.

REDAKSJONEN I JØLST:

JAN ASLE BOLSET
HALLSTEIN DVERGSDAL
EINAR GAUTEFALL
SVEIN-OLAV SANDNES
REIDUN STØFRING

STYRET I JØLSTER MÅLLAG:

HILDE YNDESTAD HALLAND, LEIAR
EINAR GAUTEFALL, KASSERAR
CONNIE HAMRE, SKRIVAR
SILJA JUKLESTAD, STYREMEDLEM
OLA KONGSVIK, STYREMEDLEM

ADRESSA TIL MÅLLAGET:

JØLSTER MÅLLAG
V/EINAR GAUTEFALL
6843 SKEI I JØLSTER

Huldra som kom med våren

Av Hallstein Dvergsdal

Nikolai Astrup er i år i vinden som aldri før. Det kan såleis vere på sin plass å trykke ei segn i tilknytning til Astrup-måleriet «Varmen kommer i jorden».

«Gamle Anders Aalhus uppe paa Jølst fortæller sine barn:

Men kor gla' vi va naar han fortalde om den makelaus pene 'uldra, som budde paa Jølst i gamle dage. Slik so da hadde seg me hinne skulle du aldrihen haurt makjen te!

Naar vinteren op på Jølst tok te aa verte strenge aa laange – so da likso aldri vilde taka nokon ende – naar vatne fraus i grovafaraa – so da va ilt baade for «heie og kriste» – daa kom ho!

Ho gjekk støtt laangs me fraasne grovafar – ja dar er no dei og, som saag hinne ne' me' vatne og.

Ho hadde ei raue daas som dei brukte paa Jølst før i tia, og ei sleke gamledagslege raue trøie, me' sølvband

paa ærmane og paa bringestykkje. Paa hove hadde ho blaa rondehuve nett likso ei Jølstrajente – me' ei fine raue kvare og kvitt pannelin.

Og veit du – i den eine handa bar ho ei gommaal jarn-gryte full av gloande glø! Og alt ma ho gjekk – so kasta ho – ti for ti – ei glo i dei fraasne grovafaraa og paa timen gjekk isen op.»

Denne teksten sto på trykk i boka «Svanøen i Søndfjord, billeder frå gamle dage» (Aschehoug & Co., 1912) av Alhed Schou. Som illustrasjon til teksten var der ei teikning av Nikolai Astrup kalla «Huldra på Jølst». Dette var ei teikning som enten har blitt vidareutvikla til oljemåleriet «Varmen kommer i jorden», eller det er ei teikning basert på måleriet som var på utstilling i Bergen i 1908. Måleriet var også på utstillinga på Hennie Onstad Kunstsenter i sommar.

Teksten var fortald til og nedskreven av forfattern Alhed Schou, og omsett til jølstramål av nettopp Nikolai Astrup.

4



«Varmen kommer i jorden». Olje på lerret frå før 1908. Stilt ut første gong i Bergen i 1908.

Jølstringar i skuggen av Everest

Av Svein Årdalsbakke

Søndag 15. november: Klokka er ein halvtime over midnatt. Eg har ikkje sove stort, berre slumra sidan eg kraup i soveposen tidleg om kvelden. Spenninga har vore for stor siste timane. Vi pressar i oss endå litt meir vatn frå vassflaska. Det er mørkt, men ikkje så kaldt, og framleis fint ute. Eg og Aase deler telt, og vi tenner hovudlyktene og kryp ut av soveposane. Sekken er pakka, og dagens påkledning ligg i bestemt rekkefølge ved sidan av soveposen. Få ord blir veksla. Rutinane er godt innarbeidde etter mange dagar på tur. Berre dei store doble skoa har ikkje vore brukte før på turen og tek difor litt tid å få på seg. Har vel knapt hatt dei på sidan februar 2012. Frukosten, eller rettare nattmaten, får vi servert i eit større telt ved sidan av. Det er allereie nokre andre som er på veg. Lyktene flakkar innover i dalen.

Endeleg er vi klare til å gå. Sanu Sherpa går først. Han har vore her mange gonger før og veit kvar vi skal gå og kor fort vi kan gå.

Sjeldan syn

Vi har ikkje gått meir enn 600–700 meter før han stoppar og kjem med eit utrop. Lykta hans sveipar oppover bakkane ved sidan av oss, og der ser vi det, vi òg. Eit av dei sjeldnast dyr i verda. Snøleoparden fer oppover dalsida som ein grå skugge, før han stoppar opp og to auge lyser mot oss. Nokre sekund ser vi fasinerte på dette dyret som han berre har sett ein gong før i sitt liv, før katten forsvinn for oss. Det er svært sjeldan at nokon i det heile får gleden av å sjå dette nattaktive dyret. Vi kjenner oss privilegerte!

Svimlande utsikt

Dalen går brått over i ein bratt morenekant som strekkjer seg oppover mot fastare fjell. Det går plutseleg mykje seinare. Vi hiv etter pusten etter kvart som vi går oppover eit «Lundaskar» som aldri tek slutt. Lufta blir tynnare enn ho har vore nokon gong på turen. Vi er godt akklimatiserte og forma kjendest god då vi gjekk frå telta. Likevel blir det tyngre og tyngre oppover bratta.

Etter fire timar er vi oppe ved brekanten. Her skal vi på med stegjern, isøks, sele og tau. Det tek difor ein time før Sanu leiar oss innover breen. I mellomtida får vi med oss grålysninga og sola som spreier sine strålar over eit mektig og vilt landskap, i det ho tittar over det 6000 meter høge fjellbandet i aust.

Det er ikkje lange breturen, men det går fortsatt oppover. På slutten stig breen og går over i ein bratt snøflanke som endar på topppegga. Opp denne flanken skal vi gå med jumar på faste tau. Det har vi øvd på, for to dagar sidan i ein grusbakke, og alle i gruppa ser ut til å klare seg bra.

Oppe på egga, som berre er ein halv meter brei, slår vinden og utsikta oss midt i fleisen. Vinden kjem frå sida og gjer til at balansegangen på egga vert ekstra spenningsfull opp til det vesle topp-platået.

Utsikta frå topppegga er svimlande. Ikkje berre er det bratt ned på begge sider, men Lothseveggen ragar i tillegg truande 2000 meter opp over hovudet på oss.

Ein gjeng med galne sørkoreanarar har i over to månader forsøkt å komme seg opp veggen utan å lukkast. Sanu har regelmessig kontakt med broren sin, som er ein av sherpaene i den gruppa. Han seier det er livsfarleg det dei held på med, og tida held på å renne ut for dei.

Etter ein god time i tauet er vi alle åtte på toppen av Imja Tse 6189 m.o.h., også kalla Island Peak. Ikkje ofte to jølstringar står her oppe samtidig!

På veg mot Himalaya

Det er den 2. november, og vi sit i to minibussar på veg frå flyplassen inn til Thamel i eksotiske Kathmandu. «Vi» er ei gruppe på elleve personar i Jarle Trå sitt turopplegg. Blant desse elleve er det denne gongen heile fem stk. som «reiser i lag». Breimsjentene Sissel og Britt og jølstringane Aase, Mona og meg.

Trafikken her er noko for seg sjølv. Vanskeleg å forstå at det er trafikkreglar i det heile. Loben Sherpa, som er lokal arrangør, seier at trafikken er liten, grunna India sin drivstoffblokkade. Vi derimot syns trafikken er rikeleg stor. I ei smal gate utanfor hotellet lesser vi av våre store tunge

Eksempel på lunsjstopp på turen innover dalen. A la carte-menyen kom først på bordet, så kom store kannar med kaffi og te, og ein halv time etter kom lunsjen.





kolli og dreg dei med oss inn i ein alt for liten resepsjon. Her går vi rett på ompakking. Flyet til Lukla går i morgon tidleg kl. 6, og alt vi får med er 10+5 kg. Det er mykje mindre enn vi trudde, og frustrasjonen ytrar seg blant dei som ikkje eingong får med seg halvparten vidare.

Vi har reist langt og lenge sidan starten på Flesland kl. 15.30 i går, og etter ein sein lunsj/tidleg middag stuper vi i seng kl. 20. Då, når det skal vere stilt så vi får sove, ljomar larmen frå gata utanfor heile natta til endes, og det er så varmt på rommet som eg berre har kjent det den gongen det var varmebølge i Europa, sommaren 2006.

Flyplassen er hektisk, for ikkje å seie kaotisk. Det er vanskeleg å forstå at det går an å ha sikkerheitskontroll på ein slik plass, og det viser seg at det ikkje er så mykje til sikkerheitskontroll heller.

Eg går gjennom kontrollen med alt for mykje kle på meg og lommane stinne av alt mogeleg, sidan det var så nøye med bagasjevekta. Kontrolløren stoppar meg og tek på lommane. Han forlangar å få sjå kva som er i eine lomma, og eg fyller hendene med batteri, kjeks, nøtter og sjokolade. Så vinkar han meg forbi og tek for seg passasjereren bak på same måten.

Sveitte og fortumla er vi plutseleg ute på rullebana, og vi er straks etter i lufta, på veg mot det store eventyret; 16 dagar fottur blant verdas høgaste fjell!

Sherpafolket sitt rike

Lukla er porten til Khumbudalen som fører inn til Mount Everest. Dei aller fleste som går her, tek flyet inn til Lukla.

Heldigvis ligg det faste tau som vi kan sikre oss i på den smale egga opp til toppen av Island Peak.

Denne byen og flyplassen vekker skrekkblanda fryd blant dei som har lese om han eller har reist her. Byen ligg på ei fjellhulle 2860 m.o.h. og flystripa er kort, 527 meter. Ho startar på kanten av eit 700 meter høgt stup og endar etter ein 12 graders motbakke i fjellveggen. Det er difor berre ein veg inn og motsett veg ut, og i morgonrushet kjem flya tett som hagl inn for landing. Fasinerande rett og slett.

Når vi går inn i byen her, er vi komne i Sherpafolket sitt rike. Her finns ikkje motoriserte køyrety, berre apostlane sine hestar, kyr, yakoksar og nokre muldyr. All varetransport innover dalen går føre seg på ryggen til desse folka og dyra, og det er ikkje få kilo dei ber.

Første etappe går 200 m nedover til Phakding, og er ein kort etappe. Likevel; no er vi verkeleg i gang.

Første syn av Everest

Dagen etter gjekk vi inn til hovudstaden i Kumbudalen, Namche Bazar, på om lag 3500 m.o.h. Sidan vi denne dagen steig 700–800 meter, måtte vi ta to overnattingar her for å akklimatisere oss. Fire flotte hengebruer gjekk vi over denne dagen, mot tre dagen før. Vi fekk også første glimt av majesteteten Sagarmatha (Mount Everest), i den lange bakken opp til Namche.

Etter to dagar her gjekk turen lett vidare til Debouche

Frå toppen av Island Peak har vi flott utsyn til alle kantar. Her ser vi tilbake mot Dingboche. Fjellet som ragar opp på venstre side av dalen, er Ama Dablam. Ein tur opp der er også mogeleg å melde seg på for dei som vil.

Frå utsiktspunktet Kala Pattar (5550 m.o.h.) har vi flott utsikt mot toppen av Mont Everest, som vi ser midt i bildet i bakgrunnen.



3710 meter. På turen var vi innom tempelet i Tengbouche og såg utanfor ein minneplakett etter den norske Everest ekspedisjonen i 1985.

Så var det på ny klart for 700 meter stigning inn til Dingbouche, og to overnattingar i dette dalkrysset, der vi til venstre går til Everest Basecamp og til høgre mot Island Peak.

Neste dag var aktiv kviledag. Difor gjekk vi oppover fjellsida til ca. 5000 meter, og ned att før lunsj. Her melde hovudverken seg for første gong, men to Paracet og vekk var han!

Maten på lodge'ane inn over her var overraskande variert og god. Til kvart av dei tre måltida fekk vi ein a la carte-meny i handa som vi kunne plukke frå. Alt frå graut, tibetansk brød, pannekaker, omelett, egg, steik, pasta, lapskaus og ulike supper stod på menyen, så det var heilt

unødvendig å bli matlei. Dessutan var det til ei kvar tid ei kanne med kaffi og te på bordet.

Store temperaturforskjellar

Før vi reiste heimanfrå hadde yr.no meldt regn samanhengande i fleire veker, men det viste seg å vere heilt feil. Vi hadde ikkje ein dag med regn heile turen. Rett nok kunne det skye til på ettermiddagen, men dagane starta alltid strålende.

Sjølv om Kumbudalen er langt syd, så gjer høgda til at det blir store temperaturforskjellar gjennom døgnet. Morgonane og kveldane var kalde, og dunjakka kom vel med.

Spesielt kaldt kjendest det inne før det vart fyr i den einaste omnen. Om morgonen vart det ikkje fyr, så det var godt å komme seg ut og i aktivitet. Medan vi gjekk om dagane var det stort sett fin temperatur i sola, så storjakka kunne ligge i sekken.

Kumbu-hoste er eit omgrep som mange får føle på kroppen. Difor vart vi stadig påminte om å gå med buffen framfor nase og munn.

Luftfuktigheita inne i dalen var på berre 36 %, og det bles meir eller mindre heile tida. Tidvis var det støv i lufta, og luftvegane var utsette. Difor var det heller ikkje alle i vår gruppe som slapp unna hosten.

Jordskjelvområde

Kulden kryp inn i margen, trass i lue, vottar, stillongs, to lag ull og dunjakke.

Etter dagens etappe frå Lobuche inn til Everest Basecamp og tilbake her, til Gorak Shep, er eg trøyt og sliten. Sov dårleg i natt, og no fryser eg. Det er umogleg å vaske av seg dagens solsveitte med berre nokre få våtserviettar. Den sveitte kroppen er vanskeleg å få varmen i. Håpar berre at dei snart fyrer i omnen!



Ein ikkje uvanleg transport innover den lange Kumbudalen. Vi snakka med ein som bar ei slik bør, og den var over 100 kg!

8

Eg får drikke varm te så lenge, medan eg ventar på middagen. Gorak Shep er ingen koseleg plass!

Det var spennande å besøke den tomme Basecampen midt inne på Khumbubreen. Stå ved sidan av varden og tenkje på dramaet som gjekk føre seg akkurat her for berre eit halvt år sidan, då det store jordskjelvet ramma. Sjå opp i den bratte sida på Pumori der raset som utrydda delar av campen, starta. Det er forresten vanskeleg å tenkje seg ein leir på hundrevis av små og store telt i denne oppsprokne isen med samanhengande flater knapt store nok til eit lite fjelltelt.

Kala Pattar og Mont Everest

Nok ei kald og dårleg natt. Glasruta er heilt nedfrosen når vi kryp skjelvande ut av soveposen kl. 05.30. På nytt kryp kulden inn i margen, men her fyrer dei faktisk opp i omnen om morgonen, det er noko nytt.

Det er godt å komme seg i gong. I dag skal vi opp 400 meter til utsiktspunktet Kala Pattar på 5550 m.o.h. Dette er turens andre høgdepunkt på to dagar, for i dag skal vi få sjå sjølvaste kongen, Mont Everest.

Sola kjem når vi er nesten oppe på utsiktspunktet. Vi får toppen i sikte bak Nuptse, og sjølv om han fortsatt er eit stykke vekke, tårnar han høgare enn fjella rundt. Toppen er massiv frå sørskaret og opp, og jetvinden som i mange dagar har laga ein lang hale ut frå toppen, har teke seg ei pause.

Det er tid for å ta bilete og glede seg over at vi har fått

høve til å stå her under desse mektige fjella. For berre ein månad sidan såg eg filmen om Everest-ekspedisjonen i 1996. Alvoret og dramaet frå den historia materialiserer seg når eg står her med panoramautsikt og filosoferer over kvifor nokre vil utsette seg for eit slikt slit og risiko.

Mot siste høgdepunktet

No er det berre eit høgdepunkt igjen før vi er på retur og heimveg. Vi skal få bestige ein av dei mindre toppane i området.

Island Peak eller Imja Tse er knappe 6200 meter høg og ligg i ein sidedal som går austover frå Dingboche. Inn her er åtte av oss på veg for å klatre til topps.

I Chhukkhung plukkar vi opp toppturutstyret vårt, som var frakta direkte inn på okseryggen. No medan vi nærmar oss Imja Tse Basecamp, kjenner eg at spenninga stig før toppstøtet startar i natt.

4–5 liter væske i døgnet

Måndag 16. november vaknar eg av meg sjølv i teltet. Det har omsider vore ei god natt med roleg og djup søvn. Berre ein gong måtte eg ut på do i natt. Det vanlege har vore to gonger, sidan vi i denne høgda har fått streng beskjed om å drikke 4–5 liter væske i døgnet. Det er vanskeleg, og difor starta eg å drikke etter kvart dobesøk, slik at eg før frukost hadde fått i meg første literen.

No har vinden auka endå meir. I går, då vi nærma oss campen, piska vinden opp svære støvskyer innover dalen. Eg var heldig og kom meg i teltet før verste vinden kom, men det var nokre av oss som fekk sandstormen midt i fleisen.

No på morgonen kjem det klatrarar tilbake i campen. Vinden er for sterk til å gå på toppen i dag, så dei måtte snu oppe i fjellsida. Jammen var vi heldige denne gongen.

Etter frukost pakkar vi ned leiren og set kursen heimover.

Campen var ikkje særleg komfortabel, men lyspunktet var to fortreffelige trerettars middagar som kokken vår serverte. I tillegg har vi hatt førsteklasses oppvarting frå Buddhi – som ordnar alt – og guidane våre, Sanu og Chinjung.

Det nærmar seg heimtur

På vegen ned att dalen kan vi gå så fort vi vil. Dagsetappane blir lengre og turen dermed kortare. No legg vi verkeleg merke til korleis vegetasjonen endrar seg frå tørt og goldt øvst i dalen, til grønt og frodig nedst. Vi går også forbi eit hus som er i ferd med å bli gjenreist etter jordskjelvet. Det har skjedd ein heil del sidan vi var på motsett veg. Taket er komme på, og veggfasaden er ferdig med handhoggen stein.

Det har vore ei stor oppleving å vere over to veker samanhengande på fottur i dette området. No ser vi likevel fram til å få dusje og få litt varme i kroppen igjen. Sight-seeing ventar også nede i Kathmandu.

Vi må berre komme oss i lufta igjen, før flyet når kanten av stupet.

Frå Jølster Mållag

Av Hilde Yndestad Halland, leiar

Det har no gått to år sidan vi sist var så heldige å kunne lese Jølst. Vi i Jølster Mållag er svært glade for at bladet igjen er i sal. Å lage blad er ein krevjande jobb, tekstar skal samlast inn eller skrivast. Det skal redigerast og ikkje minst så skal redaksjonen einast om tema og tekstar. Å selje inn annonser til bladet er og ein stor jobb då det saman med sal av bladet, finansierer utgiftene til trykking. Eg vil rette ei stor takk til redaksjonen som gjer alt dette arbeidet av rein entusiasme.

Identitet, det å kjenne tilhøyring til nokon eller noko er viktig for oss alle. Det er derfor ikkje noko rart at sinna står i kok når eit nytt storfylke vert truga med eit offentleg skriftspråk på bokmål. Det kan vi ikkje og vil vi ikkje finne oss i. Vi i Jølster og Sogn og Fjordane vil ikkje misse vår identitet, vår kultur, som nynorsken er. Her er det viktig at vi alle, ikkje berre målfolk, står på barrikadane og krev nynorsk som offentleg skriftspråk. Bruk stemma di i alle fora du deltek i, det må vere mi oppfordring til deg som les dette. Når det gjeld storkommunen «Sunnfjord» som underteikna vil slå eit slag for som namn, så reknar eg det som sjølv sagt at nynorsk vert administrasjonsspråket, men også her må vi fylgje med.

For dei som ikkje har fått det med seg, så har Jølster Mållag delt ut Målros til Knut P. Bøyum i 2014 og Grete Skaar Sunde 2015. Dei har begge utmerka seg på ein positiv måte for nynorsken. Knut som interkommunal språkvaktbikkje og Grete som ein framifrå pådrivar for nynorsk litteratur. Vi treng slike personar!



Grete Skaar Sunde fekk Jølster Mållag sin Målros for 2015.

9

Jølster Mållag hadde to utsendingar på landsmøtet i Bergen no i vår; Ingrid Søyland og Steinar Dvergsdal.

Ei siste oppmoding til oss alle: Ver med og stø opp om og ta vare på den språklege kulturarven vår. Det som gjer deg og meg stolt i møte med andre menneske, enten det er i her i landet eller i utlandet.

Gammalt frå Jølster

Det siste folk gjorde julaftan var å sope golvet retteleg vel. Det fyrste dei gjorde når dei stod opp juledags morgon, var å sjå inn under bordet. Fann dei korn der då skulle det bli godt år.

Så tok dei også eit tinnfat med vatn i og sette under bordet julaftan. I barden på tinnfatet hadde dei skrive første bokstaven av namna på dei ymse fiskeværa. Joledags morgon såg dei så etter om vatnet var grugge ned for nokon av bokstavane. Var det det, skulle silda komme inn til det vëret. «Ja, skam ta meg, verte det 'kje noko sild der i vinter», sa dei.

Til jul støypte dei mange lys, gjerne full ei kiste. Stubbane av dei lysa ein brukte julaftan, vart nytta som lækjarråd mot sjukdom på dyra. Når kyrne var urolege om sommaren, tok ein kvan ein lysestubb, sprang til skogs og gjorde ein kross i bakenden på kyrne. Då roa dei seg.

Gallen

Av Kjartan Myklebust



10

På veg mot Indre Fonn i Stardalen møttest vi av eit mektig fjell som heiter Gallen, på talemål «Galjen». Fjellet fortel oss at dette er enden på Stardalen, og her går det ingen køyreveg vidare.

Bakanfor (austanfor) dette fjellet ligg Jostedalsbreen – eit heilt kontinent av snø og is.

Namnet «Galjen» kjem kanskje frå ordet gald, som Ivar Åsen fann ut kom frå «klippeveg, steil veg i en klippe eller bakke (omtrent som kleiv)».

Før i tida var det ein viktig ferdselsveg herifrå over breen til Sogn. Då gjekk dei inn i Tverrdalen (til venstre på bildet), og deretter på til dels glatte svaberg langs fjellkanten (som vi ser i himmelsjå) opp til toppen av Gallen. Herifrå er det god fjellgrunn fram til brekanten.

Dalføret til høgre på bildet er Langedalen. Den endar under stupbratte svaberg, som gjer det umogeleg herifrå

å gå opp til breen. Derimot kan ein – viss ein tek til høgre – kome seg fram til Skaret i Befringsdalen, og derifrå inn på breen – eller ned til Befring.

Far min, Sverre Myklebust, var lærar i Stardalen og hadde etter mange fjellturar gjort seg godt kjend med topografien i området. Då han ein gong var i ei samkome i Sogn, fekk han telefon om at mor hans på Myklebust i Jølster var blitt sjuk. For å kome seg raskast mogeleg til Myklebust, tok han vegen frå Veitastrand over breen til Fonn. Vêret var dårleg, og etter kvart kom skodda. Men han fann fram til det fjell-landskapet som ligg innanfor Fonn, og gjekk vidare i skodda.

Brått hørde han ein hane som gol. Då forstod han at han var komen fram til Gallen, og var rett ovanfor Fonn. Og dermed kunne han ta vegen vidare nedetter den «klippeveg» som Ivar Åsen omtalar.

Ålhus lesering

– leseglede i nær 100 år

Av Kari Øvrebø og Aina Gamborg

Når vi skriv dette, står vi på startstreken til årets bokhaust. Og det er stor sjanse for at nokre av bøkene som kjem ut i tida framover, vert å finne på leselista til Ålhus lesering i 2017.

«Læseselskabet Ungdomshåbet»

Det heile starta rundt 1892, då presten Christian Astrup, far til kunstmålaren Nikolai Astrup, var med og skipa ein lesering, i regi av ungdomslaget på Ålhus. Dei kalla den «Læseselskabet Ungdomshåbet». Dette var ei privat lånesamling av bøker, i ei tid då bøker vart rekna som ei særst kostbar vare, som få hadde råd til. Av pengar dei fekk inn gjennom ungdomslaget, kjøpte dei bøker som dei let gå på omgang. Dette gav grendefolket tilgang til litteratur og kunnskap.

I boksamlinga, i bok nr. 15: «Norsk Maallære (gramatik)» av L. Munthe-Kaas, finn ein skrive følgjande reglar for utlån av bøker i «Læseselskabet Ungdomshåbet»:

«Enhver der låner bøger tilhørende Læseselskabet, har at behandle dem smugt. Samt regelmessig at tilbagelevere dem når udlånstiden er forbi. Den der beskader en bog, pliktes at utbedre skaden.

Bortkomne bøger betales etter innkjøpspris. Udlånstiden settes til 3 uger. Udlånspris for ikke medlemmer settes til 2 øre. (Jølster – november 1892 – A. Egge)»

Den religiøse litteraturen i samlinga var det presten Astrup som sytte for, og ein veit at Astrup gav bøker til samlinga. Søren M. Øvrebø, som seinare vart lensmann i Jølster, synte stor interesse for å samle litteratur om jord- og skogbruk.

I 1895 skriv bibliotekaren i Læseselskabet følgjande:

«Ungdomshåbet har no i try år stubba og gått – desse åra har det vore kjøpt for 90,50 kr. i bøker, og fengje bøker fyr kr. 48,10. Eig altso eit boklag på 15 148 sider. Samla bogladeverdi kr. 138,60.»

Sterk interesse for litteratur

Seinare i 1890-åra gjekk «Læseselskabet Ungdomshåbet» truleg over til å heite «Ålhus Sogns Almuebogsamling». Rundt 1900 tok dei namnet Ålhus Sokns Folkeboksamling, og nokre av dei første som var med i styret i folkeboksamlinga var presten Astrup og Søren M. Øvrebø. Leselyst og interesse for god litteratur heldt seg fram gjennom åra, og ein finn lister over låntakarar i bok-

samlinga frå 1900 til 1912 som syner stor leseglede i Ålhus krins.

Bokhandlar Huus sa fleire gonger at denne boksamlinga var tidleg, og stor, i landsmålestokk. Og han meinte ein-kvan burde undersøkje nærare kvifor det var slik. Det vart diverre aldri gjort.

Vi veit at både lensmann og prest hadde sin bustad på Ålhus i denne perioden, men fleirtalet i grenda var bønder. Likevel har det tydeleg vore ei sterk interesse for litteratur og samfunnsliv. Og det samsvarar med resultata i forskninga til litteraturhistorikaren Jostein Fet. Den syner at bygdefolk i gamle dagar, heilt attende til 1600- og 1700-talet, var mykje meir åndsmenneske enn det ein tidlegare har trudd. I boka «Lesande bønder», konkluderer han med at det ikkje var berre eliten som hadde tilgang til

11

«Det fast utroligt er, hvad man af gamle Bøger kan lære, naar man dem med Flid igiennemsøger.»


(Ludvig Holberg: Peder Paars)

bøker, det hadde dei også i lågare samfunnslag. Han slår fast at allmugen hadde eit litterært liv, og bøndene hadde langt større skrive- og lesekunnskap enn historia tidlegare har slått fast.

Jølster var også tidleg ute med bibliotekdrift, og «Jølster bibliotek» vart starta i 1838 med at Ludvig Daa, son til Kristen Daae (prest i Jølster 1817–1837), gav bygda bøker. Daa var m.a. universitetsbibliotekar frå 1869, og i 1876 vart han utnemnt til professor i historie ved universitetet i Christiania. Det var truleg ikkje samanhengande bibliotekdrift, men det finst protokollar frå 1900 og framover som syner at ålhusarane var eit lesande folk.

Ålhus lesering frå 1919

I perioden 1912–1919 tyder det på at det ikkje lenger var



«Geniet» av Ivar Lo-Johanson kom ut på svensk i 1947. Boka sjokkerte lesarane, og vart mykje diskutert for sitt kontroversielle tema; puberteten.

12

eit aktivt leseselskap på Ålhus. Då vart Ålhus Sokns Folkeboksamling drive med offentlig stønad, og det vart drive som eit folkebibliotek, som seinare vart Jølster bibliotek, avd. Ålhus. Biblioteket på Ålhus vart lagt ned i 1985.

I 1919 vart det starta eit nytt ungdomslag i Ålhus grend, Ålhus Ungdomslag. På same tid og av nokre av dei same folka, vart det skipa ny lesering. Den fekk namnet Ålhus

Hvis litteraturen ikke fantes, ville mange tanker forbli usynlige.

(Lars Saabye Christensen)

lesering, og det er den same leseringen som eksisterer i dag. Ein av initiativtakarane var lærar Hermund Thune. Med seg hadde han m.a. Ola J. Nedrebø, Nils J. Nedrebø, Nils O. Øvrebø, Søren M. Øvrebø, Kathinka Lind, Lovise Nedrebø og Andreas Kr. Øvrebø.

Det vart prøvd ulike måtar å drive leseringen på. Til slutt kom dei fram til å samlast ein gong i året, i desember, og i fellesskap diskuterte dei seg fram til ei bokliste. Bokhandelens bokkatalog «Årets bøker» var det viktigaste verktøyet for leseringen.

BOKLISTA FOR ÅLHUS LESERING I 1940:

- Maxim Gorkij: Min barndom (1939)
- Ivar Lo-Johansson: Godnatt jord (1933)
- Sigrid Undset: Madame Dorthea (1939)
- Pearl S. Buck: Patrioten (1939)
- Olav Gullvåg: Kongens nåde (1939)
- Helge Ingstad: Apache-indianerne (1939)
- Universitetets radioforedrag: Jorda og livet på jorda gjennom tidene (1939)
- Ronald Fangen: (Tittel ukjent)

BOKLISTA FOR ÅLHUS LESERING I 1991:


- Ebba Haslund: Frå mitt Strømboli - noveller (1991)
- Jon Fosse: Flasksamlaren (1991)
- Fay Weldon: Darcys utopi (1990)
- Ivan Klima: Kjærlighet og søppel (1991)
- Brikt Jensen: Vår egen litteratur – i moderne tid (1991)
- Jan Sørbo: Alexander (1991)
- Kåre Holt: Mennesket er ved en grense (først utg. 1954 / nytt opplag 1991)
- Terje Stigen: Fyrholmen (1991)
- Roy Jacobsen: Seierherrene (1991)
- Jo Tolås: Naglemerke (1991)
- Ismail Kadare: Drømmenes palass (1991)
- Julio Llamazares: Det gule regnet (1991)
- Dagfinn Grønset: Hurra for livet (1991)
- Morris West: Lazarus (1991)
- Hvem Hva Hvor 1992 (ekstrabok)

BOKLISTA FOR ÅLHUS LESERING I 2016:

- Stein Sørensen: 4 (2016)
- Hans Olav Lahlum: Haimennesket (2015)
- Heidi Linde: Norsk sokkel (2015)
- Helga Flatland: Vingebelastning ((2015)
- Roy Jacobsen: Hvitt hav (2015)
- Marit Eikemo: Samtale venter (2011)
- Maja Lunde: Bienes historie (2015)
- Cathrine Knudsen: Manuell (2014)
- Jonas Hassan Khemiri: Alt jeg ikke husker (2016)



Nokre av bøker frå leseringen på Ålhus.



Helge Ingstad si bok «Apache-Indianerne» var med på boklista i 1940.

Njål Nedrebø kan minnast friske diskusjonar frå lesingsmøta. Nokre ville ha nye, utradisjonelle bøker, medan andre ville ha historiske romanar og klassikarar. Medlemmene tok føre seg side for side, og boklista var ofte full før ein var komen halvveges i katalogen.

Regelen var at ein skulle einast om boklista før årsmøtet var omme. Ein fekk ikkje velje si eiga bok, men det vart trekt lodd om bøkene. Avvik frå dette var om nokon hadde starta med ei bok i ein serie, då fekk den personen til slutt heile serien. Men det hende også at medlemmene bytte bøker innbyrdes. Den totale kjøpesummen vart delt på tal medlemmer, slik at det vart lik sum for alle.

Ulike typar litteratur


Gjennom tidene har det vore mykje romanar og elles

reiseskildringar, biografiar og historiske bøker. Det har vore flest norske bøker, både på nynorsk og bokmål, men også ein del omsett litteratur.

Norske forfattarar som gjekk igjen var m.a. Torborg Nedreaas (1906–1987), Kåre Holt (1916–1997), Vera Henriksen (1927–2016) og Ragnhild Magerøy (1920–2010). Av dei omsette forfattarane finn vi den amerikanske forfattaren Pearl S. Buck (1892–1973) og den nederlandske forfattaren Hans Martin (1886–1964).

I 1982 hadde leseringen fint besøk, av nynorskforfattaren Johannes Heggland (1919–2008). Han deltok på møtet i leseringen, i stova til dåverande leiar Magnhild Hegheim, i Lindtunet. Bokhandlar Huus var fast leverandør av bøker, og var spesielt invitert denne kvelden. Heggland las høgt frå boka si, «Brødet frå havet», og dei 13 leseringsmedlemmene lytta andektig. Dette kan vi lese om i A-magasinet sin reportasje frå dette leseringsmøtet.

Hermund Thune døydde i 1975. Då hadde han vore



Medlemslista frå 1939–1940 – frå ei av leseringsbøkene.

leiar av leseringen sidan den vart starta i 1919. Magnhild Heggheim tok over som leiar, etter å ha vore medlem sidan 1931. Den rolla heldt ho på fram til 1994. Frå 1994 til 2010 var Njål Nedrebø leiar, og frå 2010 til d.d. har Kari Øvrebø (barnebarn til Magnhild Hegheim) vore leiar.

Leseringen i dag

Leseringen har i alle år vorte driven enkelt, og har hatt ein anonym profil. Slik er det den dag i dag. Medlemskap har ofte gått vidare til neste generasjon i dei familiene som har vore med. Nesten alle heimane i krinsen har vore med i kortare eller lenger tid, og i nokre heimar har det vore medlemmer samanhengande i fem generasjonar.



Ålhus lesering tel i dag ni medlemmer. Det vert framleis halde berre eit møte i året, der ein set opp boklista for komande år. Alle medlemmene kjem til møtet med tre bokønskje, og i fellesskap vert ein einig om kva bøker som skal vere med på lista. Medlemmene betalar for den boka ein har valt sjølv. Framleis er det slik at bøkene vert leverte i postkassen til neste lesar på lista, og målet er at bøkene skal nå alle i løpet av året.

I snart hundre år har det vore liv i leseringen på Ålhus. Gjennom desse åra har det vore store endringar i samfunnet, og den teknologiske utviklinga har resultert i ei mengd digitale verkty som no har blitt allemannseige. Bøker har blitt digitale og kan lesast på eit nettbrett. Ein skulle kanskje tru at ein «gamaldags» lesering ikkje lenger er liv laga?

Heldigvis er vi mange som ikkje vil byte ut den tradisjonelle boka med det første. Bøker er faktisk det einaste trykte mediet som folk brukar stadig meir. Og dette gjev oss håp om at Ålhus lesering vil halde fram i mange år endå.

Kjelder:

- Njål Nedrebø – Ålhus lesering
- Grete Skaar Sunde – biblioteksjef i Jølster
- Notat etter Magnhild Hegheim (tidlegare leiar i Ålhus lesering)
- A-magasinet nr. 49 – 1982
- Jostein Fet: Lesande bønder (Universitetsforlaget)
- Vårt Land – 24.06.15

Medlemmer i leseringen pr. 2016: Framme frå venstre: Kari Øvrebø, Aina Gamborg, Silje Sørebo, Jorunn Øvrebø, Sissel Hatløy, Veronica Aalhus, Else Berit Nedrebø og Njål Nedrebø (Jofrid Årset var ikkje til stades då biletet vart teke)

Olav Aahaug og Magnhild Hegheim studerer boklister. Olav var særst oppteken av å lese og diskutere litteratur. Han las bøker i alle sjangrar og var medlem i leseringen i 50 år, frå 1958 og fram til han døyddde i 2008.



Gammalt frå Jølster

Når folket sat til bords julaftan, gjekk eit menneske ut på tunet og såg inn gjennom glaset. Sat det då nokon utan hovud inne, skulle vedkommande døy i året som kom. Eit anna merke dei hadde, var å sjå på lyset juledagsmorgonen. Hadde lyset skara seg, vart det lik i huset før året var ende.

Ungdomen ville gjerne få greie på om dei skulle bli gifte. Julaftan kunne dei då setje treskorne på låven og springe tre gonger rundt løa med grauttvora i handa. Tredje gongen ein sprang rundt, stod den ein skulle få i treskorne. Vart ein ikkje gift, stod der ein dauding.

Amen. Den var god!

Ein samtale med Alvhild Viken Øvrebø

Av Synnøve S. Bjørset

Artikkelen stod på trykk i magasinet «Folkemusikk» 2/15, og er attgjeven i Jølst med løyve.

– Der er ein bratt sti, og du må halde deg fast både her og der skal du kome deg opp. Eg banka på, men dei let ikkje opp. Så eg sat på ein cellulosesekk i fjøsen, med lammet og grisen. Heile natta.

Alvhild Viken Øvrebø, 94 år, er godt i gang med ei av dei mange historiene sine. Og eg kjenner det er like spennande no som då eg som lita jente tok turen ned i eit hus på Ålhus, og oppdaga ei fascinerande dame som spelte både fele og piano. Og som dei tallause gongane vi har slarva over ein kaffikopp, reist på kappleikar og konsertar i lag, spelt i lag. Det er til å smile av.

Ein veldig innsats

– Det var då krigen slutta. Du kan skjønne dei måtte ha folkemusikk då. Og så kom dei og spurde meg, og håpte inderleg eg kunne seie ja til å spele på 17. mai-feiringa. Men eg hadde i grunnen ikkje fele eg eigde, eg hadde berre brukt fela vi hadde heime på Vikaøygarden. Men så kom det i programmet, som eg fekk sjå berre nokre få dagar før 17. mai.

Året er 1945, og Alvhild går på hagebruksskulen i Aurland. I jakta på ei fele tek ho dampen til Flåm, for ho meiner å vite om ein kar som har fele der. Det viser seg å ikkje stemme. Så Alvhild låner seg ein sykkel og set kursen mot ein stasjon oppe i Flåmsdalen. Rykta vil ha det til at det finst ei fele der.

– Du veit, eg kom med båten halv elleve om kvelden, og så sykla eg opp. Det var no ikkje så veldig langt, eg var vel framme i eitt-tida om natta. Siste stykket måtte eg klyve! Men då eg banka på, våga dei ikkje å opne. Dei hadde sett tyskarane kle seg om til sivilt borte i urane, så dei var vel redde.

Så vert ho sitjande der i fjøsen. Heile natta. I lag med lammet og grisen. Og ventar på at det skal bli lyst, slik at ho kan få tak i fela.

– Veit du, eg kan ikkje forstå at eg gjorde det! Kan du begripe å gjere noko slikt?

Eit ekte jonsokbryllaup i 1953. Anders Viken (t.v.) og Adolf Paulen var spelemenn. Kjømeister Andreas Hølheim står heilt til venstre i biletet. Foto: Privat

– Det var no ein veldig innsats.

Og så kjem latteren: Høg, hjarteleg og fornøyeleg. Slik den alltid gjer når vi møtast.

– Ja, den var god, du! Det er ein veldig innsats, til gangs, det! Men eg tenkjer på det enno. Har eg verkeleg vore ute og gått slik? Det er nesten som eg ikkje kan tru på det.

– Men det er jo sant?

– Ja, det er jo det. Litt redd var eg visst. Men det var dette med æra. Eg ville ikkje stå der i programmet og så ikkje ha fele. Så difor rende eg av garde, og vart sitjande og fryse på ein cellulosesekk. Ja, det var no gapeskap. Men fele fekk eg tak i, og 17. mai-feiring vart det. Amen. Dette tek vi ikkje oppatt.

Sølv som blenkjer

Alvhild vaks opp på Skei i Jølster. Far Anders var bonde og lærar, mor Rakel var bondekone og meierske. Dei aller fleste vil likevel kjenne Anders Viken som felespelaren og komponisten, og Rakel Viken som dikteren. I stova heime på Vikaøygarden fekk Alvhild alt som lita jente høyre dei vakraste tonar og dikt.

– Då vi fekk gjestar og han far begynte å spele om kveldane, då naut eg det. For då spelte han slike fine ting, skikkelege bruremarsjar, og det tykte eg var fabelaktig. Ja, det er noko av det første eg hugsar av musikk.

Så vart det til at også Alvhild ville spele. Ho tjuvlånte faren si konsertfele, men vart snart oppdaga. Og då kom det ei lita fele i heimen, som Alvhild og broren Arne kunne spele på. Arne satsa på felespelet, tok musikkutdanning og livnærte seg som klassisk fiolinist. Alvhild ville det litt





Bryllaupsbilete av Alvhild og Nils Jørgen. Foto: Privat

Far og dotter i samspel og samtale om musikk. Foto: Privat



annleis, og det var ikkje først og fremst musikken etter faren ho slo seg på.

– Nei, langt i frå! Eg stila no ikkje så høgt. Det var temmeleg vanskelege ting han lagde! Det var alminnelege danseslåttar det gjekk i, ikkje noko anna. Men eg måtte like dei, var ikkje borti noko eg ikkje likte. Han far lærde meg aldri noko, kom aldri bort og synt meg. Men eg likte jo slåttane hans.

Det var mange innom for å lære slåttar og spel av Anders Viken. Alvhild minnest ein som hadde lagt lista høgare enn andre.

– Eg gløymer ikkje ein nordfjording som kom. Han hadde aldri teke i ei fele før, men han ville ikkje lære noko alminneleg. Han ville lære Jølstrabrura som første slåtten! Då kinka han far på hovudet. Og ho mor sa det ikkje var hjelp i. Så han måtte gje seg på det. Men nordfjordingen lærde seg å spele til slutt.

For det er nettopp Jølstrabrura som er den mest kjende komposisjonen til Anders Viken. Ein særleg vakker bruremarsj, blant dei meir enn 500 komposisjonane hans. Han laga tonestykke, lyriske stykke, dansar og slåttar i gammal stil.

Alvhild Viken Øvrebø, f. 1921, frå Vikaøygarden på Skei i Jølster, busett i Førde.

Dotter av felespelar og komponist Anders Viken (1898–1977) og diktar Rakel Viken (1891–1995).

Gift med Nils Jørgen Øvrebø (1920–1992). Saman har dei sonen Terje Øvrebø, f. 1955.

Felespelar, bratsjist og pianist. Aktiv som felespelar i Indre Sunnfjord Spelemannslag, i duett og trio med far og bror Arne Viken (1925–2012). Mykje brukt som spelemann til dans, i bryllaup og på konsertar. Bratsjist i Sunnfjord Orkesterforening. Spelte piano til husbruk og eiga nyting.

Veverske, tradisjonelle åkle frå Jølster og eige design.

ALVHILDS FAVORITTPLATER

Per Gudmundson & Ola Bäckström: Ola & Per

Per Sæmund Bjørkum & Jon Faukstad: Konsert på Kleppe

Anders Viken: Sommarkveld i Jølster

Gjermund Larsen: Trønderbarokk

Arne Viken: Jølstrablomen

Marylands: Marylands

– Vi såg jo mange gongar at, ja, no baler han med noko. Han gjekk og jobba ute, og plystra. Og når han kom på noko knakande godt, då måtte han springe inn, terpe og skrive det ned på notar. Han far reiste bort i Breim til Anders Reed for å lære notar, og der sat han i åtte dagar. Og så kan du sjå alt han har skrive ned – det er ikkje lite.

Anders hadde musikken, Rakel hadde orda. «Eit møte med Rakel Viken er som å stemme sjølv sjela», var det nokon som sa.

– Mor skreiv heile sitt liv. Ho hadde det travelt, men skunda seg i fjøsen for å få fred og ro til å dikte. Ho skreiv på bestilling, og dei masa fælt på henne. Gutane skulle ha vers til jentene, og omvendt. Og så kom dei nokre gonger og skura ned heile stova som takk for hjelpa.

Om Rakel hadde pennen som sin reiskap, så hadde ho også stor kunnskap om musikken ho høyrde i heimen kvar einaste dag – Anders sin musikk. Sterke meiningar om den hadde ho òg.

– Han far fekk i oppdrag å lage ein fin bruremarsj til eit bryllaup på Kjøsnes, og ville kalle den Huldresølvvet. Det tok ikkje lange tida, og han tykte det ikkje var ein så dum slått. Det var ikkje ho mor samd i, og sa «Nei, Anders, der ser du ikkje mykje sølv som blenkjer». Så den vart heitande Slørbrura. Men han far gjekk så og laga den vi i dag kjenner som Huldresølvvet, og då, veit du, ho Rakel klappa!



Indre Sunnfjord Spelemannslag har kurs med Lars Skjervheim på midten av 1970-talet. Musikalsk leiar Sigmund Eikås på bakerste rekke til høgre, Alvhild på fremste rekke til høgre. Foto: Privat

Bryllaup med tåtrakk

Etter å ha gått på skule i Aurland, og arbeid i Lærdal og Oslo, kom Alvhild heim til Jølster. Der tok ho arbeid som kokke på Audunstad pensjonat på Ålhus. Nabohuset var barndomsheimen til ein kar som nett då var heime på ferie frå Bergen – og resten har du nok alt gjetta?

I albumet til Alvhild fins eit foto som viser eit fornøyeleg brurepar, bra lure i blikket. Det er jonsokafta i 1953, og Alvhild og Nils Jørgen har akkurat gifta seg i Helgheimskyrkja. Denne dagen var det faren Anders og Adolf Paulen som stod for musikken, og tilfeldigheitene ville ha det til at NRK var til stades og gjorde opptak av heile bryllaupet.

– Det var veldig heitt den dagen, 32 varmegrader. Og så det sølvet! Det var ein hard dag, det var det. Men du og du for ein fin kveld! Vi dansa i Ripaløa, som vi seier. Og Kringkastinga fór no der og skeiva, ja, det gjorde dei. Det var Theodor Bernhoft Osa som gjorde opptak. Så ville han ha ein dans med meg. Og, du veit, han gjorde ikkje anna enn å trakke meg på tærne!

Vi blar vidare i albumet, og eg peikar på eit bilete som viser far og dotter i samspel blant bunadskledde folk.

– Ai, ai. Kjedeleg bryllaup ned på Vassenden. *Veldig* kjedeleg. Det var ikkje *noko* som skjedde som var kjekt. Det var berre tørt alt i hop.

Eg har fått svar før eg rekk å stille spørsmål. Slik er Alvhild. Ho seier det som det er.

– *Hahahaha, du veit å få sagt det!*

– Ja, det er ikkje pent, veit du. Ja, ja, men det er no i alle fall sant.

Og eg blir nok ein gong minna på kvifor eg likar denne dama så godt. Det er noko riktig forfriskande over replikken hennar. Amen!

Å forstå seg på

– Du har sterke meiningar om musikk. Eg hugsar det frå då vi var i spelemannslaget saman. Då hende det du kvesste i om det var noko du var ueinig i.

– Å ja, har eg vore sopass!? Ja, eg kan sitje her å ha på musikk om kveldane. Og det er ikkje ein gong eg klarar å halde stilt! Eg snakkar med meg sjølv. Han spelar falskt! Aaaaaai!

Alvhild snakkar om broren Arne si innspeling av Jølstrabrura. Der er det noko ho ikkje er heilt nøgd med.

– Altså, han spelte no ikkje falskt til vanleg. Men han greidde ikkje få det likt som han far. Han skulle ikkje løfte bogen. Han skulle meir skli fint over, ikkje spele stakkato. Det likte eg ikkje, og det sa eg til han. Men så sa han det no til meg ein gong, at viss det er nokon som forstår seg på musikken, så er det i alle fall du, Alvhild!

Eg klarar ikkje halde meg. Har høyrte ei historie. Den må på bordet.

– Men korleis gjekk det i grunn når du øvde på Jølstrabrura, Alvhild?

– Det kan du ikkje skrive! Ja, ja, du all verda. Sigmund Eikås hadde funne ut at vi skulle klare å spele den i spelemannslaget, og vi gjekk verkeleg inn for det. Men det var ikkje så enkelt. Så gjekk eg på loftet for å øve. Brukte kreftene og tenkte at no må det bli skikkeleg. Då eg kom ned att, sa mannen min «No begynte eg å lure på om du var i gang med å valdta Jølstrabrura!». Han hadde heilt rett, så den var god!

Så er kaffikoppen tom, og vi set på ei av favorittplatene til Alvhild. Det let fabelaktig, som ho sjølv ville sagt. Og eg gler meg alt til neste gong vi møtest.

WWW.ISTAND.NO TLF.: 45 00 47 00



iSTAND

SKEI TAXI

90 57 55 55

Drosje/rullestolbil/turvogn
Opp til 16 passasjerplassar

6843 Skei



ALF HELGHEIM & CO AS

Skei Sentrum • 6843 Skei i Jølser
Tlf. 57 72 83 11 • post@alfhelgheim.no • www.alfhelgheim.no

18

COOP MARKED SKEI

telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15
opningstider 9-20 (18)

BYGG MIX

telefon 57 72 87 68
opningstider 9-16.30 (13)

coop

JØLSTER SA

telefon 57 72 83 77 faks 57 72 85 15
6843 Skei

COOP MARKED VASSENDEN

Tlf 57 72 72 00

Opningstider:
Kvardagar 08:00 – 20:00
Laurdag 08:00 – 18:00



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmepumpe luft/vatn
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreiing
Baderomsmøblar

JØLSTIER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE
POSTBOKS 43 • 6841 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20

Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Mobil 97 64 84 82
jarle@eikaas-skogsdrift

Frå Sogn og Fjordane Mållag

Av Hallstein Dvergsdal, styremedlem

Noregs Mållag har gått over til å ha årsmøte annakvart år, og første året etter nyordninga var i år. At det var to år sidan sist kan vere grunnen til at Landsmøtet i Bergen samla rekordmange delegatar. Frå styret i Sogn og Fjordane Mållag møtte leiar Aud Lunde og Hallstein Dvergsdal.

Det vart eit møte der nynorsk i Vestlandet sin hovudstad var eit sentralt tema, i tillegg til krav om nynorskklassar i

språknøytralitet i Vestlandsregionen.

- Vi ventar og forlangar at nynorsk blir administrasjonsspråk i dette området som har eit stort fleirtal av nynorskbrukande kommunar. Det er faktisk berre tre som nyttar bokmål.
- Nynorsk er ikkje berre ein identitetsberar i regionen, det er ein svært viktig del av kulturarven.



Jølster Mållag sine utsendingar på landsmøtet i lag med avtroppande leiar Marit Aakre Tennø.



Magne Aasbrenn frå Fredrikstad er ny leiar i Noregs Mållag.

ungdomsskulen i bokmålskommunar eller språknøytrale, den såkalla Odda-modellen. Norskundervisning på nynorsk for innvandrarar der dette er naturleg, var også sentralt på landsmøtet.

Magne Aasbrenn frå Fredrikstad vart klappa inn som ny leiar, og språklektoren frå Plankebyen har synt seg som ein god, synleg og tydeleg leiar. Han var mellom anna raskt på bana når det kom opp at det ikkje er gjort vedtak om nynorsk som administrasjonsspråk i den nye, påtenkte Vestlandsregionen.

Dette har sjølv sagt fylkesmållaget teke tak i, og styret har sendt følgjande uttale til fylkesordførarane i dei tre vestlandsfylka:

Administrasjonsspråk i den planlagde Vestlandsregionen


Styret i Sogn og Fjordane Mållag har registrert at det i intensjonsavtalen om den nye Vestlandsregionen ikkje er fastlagt kva som skal bli administrasjonsspråk i dette forvaltingsorganet.

Vi vil med dette gjere klart og tydeleg følgjande standpunkt i saka:

- Sogn og Fjordane Mållag kan ikkje akseptere at det blir

- Språk er viktig, og kvar skal vi ha nynorsk som tenestespråk, om ikkje i Vestlandsregionen?
- Vestlandet er Noregs viktigaste bastion når det gjeld nynorsk, og slik skal og bør det vere også i framtida.

Elles har fylkesmållaget diskutert språkbruken til offentlege etatar og vi har gjeve uttale som går på språkbruken til mediebedriftene i fylket, eit tema som er høgst aktuelt, sidan det er ein del dårleg språk å sjå og høyre.



Til Afrika med språkkunnskap og gammal frysar i bagasjen

Av Hallstein Dvergsdal

Ho har vore lærar i Førde, på Vassenden, Skei og i Kamerun. Ho snakkar fleire språk enn dei fleste, og ho klarar seg fint utan internett og sosiale media. Vi snakkar om Jorunn Kjøsnes, ei dame som har oplevd meir enn dei fleste.

Jorunn kom til verda på Kjøsnes i 1942, som dotter av Ola og Nikolina Kjøsnes. Grunnlaget for det som seinare skulle bli hennar yrkesliv, nemleg språk, fekk ho på engelsklina på Firda Gymnas. Etter det gjekk turen til lærarskulen på Stord, før det etter kvart vart etterutdanning i Stavanger, Frankrike og England. I Stavanger handla det om eit grunnfag i kristendom, i utlandet handla det om språk.

Fekk kontakt med misjonen

Det var i Stavanger, med lærarjobb og studiar i kristendom på misjonsskulen, at ho kom i kontakt med folk frå Det Norske Misjonsselskap. Dermed fekk ho også kunnskap om misjonsarbeid i Afrika, og tanken om å gjere ein innsats der, tok form.

Dette med misjonsskulen i Stavanger var forresten noko ho vart mint om av ein eldre kar på Stord som ho vart kjend med i lærarskuletida.

– Du veit vel at det er ein misjonsskule i Stavanger, den bør du søkje deg inn på, sa mannen frå Stord. Heime hadde Jorunn ei bestemor som i sine bønner hadde med eit punkt om at ho håpa at nokon i hennar familie kunne reise ut som misjonær. Då ho så kom til Stavanger, og etter kvart til misjonsskulen, så var på mange måtar kursen staka ut.

– Du skjønar eg fekk mange puff om det å arbeide for misjonen, smiler Jorunn, som i Stavanger fekk tilbod om eit vikariat som lærar på den norske skulen i tilknytning til misjonsstasjonen i den kamerunske byen Ngaoundéré. Dette vart det av ymse grunnar ikkje noko av, men sjansen til jobb i Kamerun dukka snart opp att, og etter fire år i Stavanger pakka ho i 1972 sakene sine og reiste til Afrika som lærar på den norske skulen i Ngaoundéré.

– Eg hadde eigentleg vore klar over det ei stund, at den norske skulen i Afrika var plassen for meg, fortel Jorunn, som med dette starta på ein tolv år lang periode i Afrika, avbrote av eit par år heime som lærar i Førde og på Vassenden.

Med frysar i bagasjen

Hausten 1982 var Jorunn heime og hadde fått eitt års

vikariat som lærar på Vassenden skule. På Vassenden budde ho i ei av hyttene til Øvrebø Hytter. Etter kvart fann ho ut at det kunne vore greitt med ein frysar i hytta, helst ein brukt. Dette kom broren Oddvar for øyre, og han kom etter kvart med tilbod om ein frysar han hadde tilgang på. Men frysaren var gammal og brukt, og kjølemaskinist Johannes Klakegg vart kopla inn. Han kunne fortelje at frysaren trengde ny motor.



Jorunn Kjøsnes er ein aktiv pensjonist med meiningar om mangt. Ho er langt over snittet interessert i språk og dyrkar mange hobbyar, men Facebook og den slags brukar ho ikkje tid på.

– Svarar det seg å skifte motoren? ville Jorunn vite.

– Ja, det går heilt fint, var svaret, og slik vart det. Motoren vart skifta, og då betalinga skulle ordnast, skulle ikkje Johannes ha noko for arbeidet. Han hadde fått sjå lysbiletet frå Kamerun, og det meinte han var betaling god nok.

Sommaren etter skulle Jorunn tilbake til Kamerun, og då melde spørsmålet seg: Gjekk det an å ta med frysaren til Afrika? Johannes Klakegg vart på nytt kopla inn, og han meinte at det skulle gå greitt. Men ho burde få tak i ein reservetermostat før ho reiste nedover, og den vart kjøpt. Prisen var 180 kroner, og då dagen for avreise nærma seg, vart frysaren brukt som reisekiste og fylt opp med saker og ting som skulle vere med til Afrika. Frysaren og resten av bagasjen vart levert på Linjegods sin ekspedisjon på Vassenden og vart henta der av godsselskapet. Sidan gjekk den og resten av reisegodset med båt til

Afrika og kom etter kvart trygt fram til misjonsstasjonen i Ngaoundéré.

Frysaren gjorde jobben

I Kamerun kan det vere både tørt og varmt, noko som set store krav til kjøle- og fryseinnretningar. I overgangen mellom tørke og regntid kan det bli veldig varmt, og i rommet der frysaren sto var det aldri under 30 grader. Men frysaren gjorde jobben sin, sjølv om motoren gjekk for fullt heile tida, og med den gamle termostaten i bruk.

I tre år fungerte frysaren fint, og i 1986 var tida kommen for at Jorunn skulle avslutte arbeidet i Afrika og reise heim til Jølster. Men så var det denne frysaren då, kva skulle skje med den? Jau, løysinga vart at ein kvinneleg kollega som hadde bruk for frysar, fekk overta den.

– Kva vart prisen?

– Ho fekk den for 180 kroner, prisen på termostaten som eg aldri skifta, men som ho fekk med, ler Jorunn, som dermed kunne reise heim og samtidig vite at den gamle, gode frysaren skulle gjere teneste endå nokre år. Kor lenge den varde, eller om den lever enno, veit ikkje Jorunn noko om, men det kunne vore moro og visst.

Lærde fulani

Som nemnt innleiingsvis, er Jorunn språkmektig som få, og det er såleis ikkje tilfeldig at ho har vore språklærer både heime og ute.

– Eg har nok alltid hatt evne og interesse for språk, og i Kamerun fekk eg høve til å lære litt om det vestafrikanske språket fulani. Dette er eit språk som blir nytta i mange land i det vestlege Afrika, og det kan i utbreiing samanliknast med zwahili i aust-Afrika, fortel Jorunn, som hadde eit kurs på eit halvt år i språket som ho etter det kunne gjere seg godt forstått på. Nyleg såg Jorunn eit innslag i Dagsrevyen på NRK om Boko Haram, den afrikanske terrororganisasjonen som har vore mykje omtala. I dette innslaget var det plutselig eit menneske som sa ei setning på fulani, og sjølv 20 år etter at språket hadde vore praktisert, så skjønna ho kva som vart sagt.

– Måtte Gud gje oss lukke og hell, var orda som plutselig var å høyre. Dermed var tankane tilbake til Kamerun og Den norske skulen, der ho var i 14 år, sju av dei som rektor. Ho underviste heile tida stort sett i engelsk og norsk, og på alle klassetrinn.

– Eg har aldri angra på at eg valde språk framfor realfag,

Påminningsapp

Hos meg har alt sin faste plass.

Så i dag fekk eg ideen om ein avfallskalender på dass.

Godt synleg for alle som der har hyppig besøk.

Ja, dette er ingen spøk.

Spør du meg er det unødvendig med påminningsapp

når ein kalenderlapp

på toalettet kan gjere fullgod nytte

i hus og hytte.

Veggfast telefon

Tviheld på veggfast fasttelefon og ein gammal Nokia 5110

Dessutan er mi datamaskin virusfri.

Den står for det meste på stas, for det vert aldri trøbbel og mas med penn og papir.

Trivst betre med bilete for mitt indre auge og utsikt frå mitt kjøkenglas, enn alt som på ein skjerm flimrar forbi.

Nei, såkalla sosiale media skal aldri få sluke mine krefter og all mi tid.

Trådløs kontakt

Trådløs kontakt med vår Himmelske Far.

Han kan på ulike spørsmål gje svar utan å vere på nett eller brett.

Dessutan, med ein god, gammaldags fasttelefon i hus trengs ingen ladestasjon for å få til ein prat med vener og kjende frå ei faren tid.

Og stikk du innom på gamlemåten i stova mi, kan det bli både mat og prat.

Ja, jamvel gjestesenga ventar slekt og vener som treng nattely, for her er det ikkje som i Betlehems by der herberget var fullt.

Nei, her kan du få ei varm og god skuvseng i stova om du ikkje heller på hemsen vil sova.

Jorunn Kjøsnes





Skuvsenga står i stova og kan brukast som gjesteseng om det trengs.

Den kjende rognen på Kjøsnes, som mange har fotografert og måla, er kommen på veggene i tova versjon.



seier Jorunn, som i 1986 reiste heim for godt og fekk 18 år som lærar på Skei skule før pensjonistlivet venta.

Aktiv pensjonist

Jorunn Kjøsnes er ikkje den som sit i sofaen og let pensjonistdagane fare. Nei, ho er aktiv med handarbeid av ymse slag, og ho deltek i lag og organisasjonar og i kyrkjelyden. Når det gjeld handarbeidet, så er det nok biletvev og toving som ligg hjartet nærast. Og då tekstilkunstnaren Astrid Myklebust døydde for nokre år sidan, kjøpte Jorunn ei vevramme som ho hadde brukt.

Etter at ho vart pensjonist var ho i 2009 på tovekurs ved Akademiet i Rauland, og på veggane heng fleire bilete laga av tova ull. Ho likar også å skrive små dikt, og nokre av dei handlar om det prinsippet ho har om å halde seg unna internett og sosiale media. Desse tekstane kan kallast både sjølvironiske og samfunnskritiske, og dei teiknar eit godt bilete av det nettbaserte samfunnet vi er ein del av, men som enkelte klarar seg fint utan.

– Det er ikkje kvar veke eller månad denne blir starta opp, avsluttar Jorunn og ser på ein gammal pc, utan nett-tilkopling, tenkt som skrivemaskin.



Vassenden, Jølstravatnet.

Foto: Christiane Ulriksen

Grendafiber til heile nabolaget

Superraskt breiband til så mange som mogleg er Eninvest sitt mål. No har mange jølstringar fått tilgang til fiber og digital-TV frå Eninvest. Gjennom konseptet Grendafiber skal det bli fleire i tida framover.

I oktober 2015 fekk nærare 300 kundar på Vassenden tilgang til høghastigheits fibernett. I løpet av våren 2016 kunne kundar i Svidal, Ålhus, Sanddalen, og Gjesdal/Sørsida glede seg over det samme.

Vassenden hadde eit avgrensa tilbod på fast breiband. Dei fleste Eninvest-kundane i området hadde tidlegare ADSL-abonnement. I andre område, til dømes Svidal, sleit ein med å få levert eit tilfredsstillande ADSL-tilbod i det heile. I desse områda har Eninvest no levert Internett via trådløse radioteknologi, som no er bytt ut med fiber.

Spredd befolkning og topografiske utfordringar gjer ei kommersiell fibersatsing vanskeleg utan tilskot frå det offentlege. Utbygginga av fiber på Vassenden og kringliggjande område skjedde takka vere støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune,

Jølster kommune, anleggstilskot frå abonnentar, Eninvest – og ikkje minst dugnadsinnsatsen frå grendalaga i kommunen.

Jølster kommune har søkt offentlege midlar for utbygging av andre område. Neste prioritert område for Jølster kommune er Stardalen, Klakegg, Før, Håheim, Skrede og Fossheim. Prosjektet er no klart og utbygginga skal skje i løpet 2017.

Fiberen Eninvest leverer er basert på nyaste teknologi. Eninvest-kundar får med dette tilbod om høghastigheits breiband, TV-pakkar frå Get og breibandstelefontelefoni.

Fiber til flest mogleg

– Årleg koplar vi opp mellom 1 000 og 2 000 nye fiberkundar. Vi har bygd ut fiber mange stader der vi knapt trudde det var mogleg å få til. Men er ein løysingsorientert får ein til det meste. Eninvest går inn i spleiselag med kommunar og bygdefolk. Eninvest har bygd ut mange felt dei siste åra, der finansieringa har bestått av offentlege tilskot, kommunale bidrag, dugnad frå innbyggjarane og tilskot frå Eninvest, fortel Stig Myrmel, Leiar Strategi- og forretningsutvikling i Eninvest. Difor har Eninvest lansert konseptet Grenda-

fiber. Saman med dei som bur i grenda finn vi smarte løysingar på korleis Eninvest kan levere fiber til stader som elles ikkje kan få.

– Om ein har det staten definerer som godt nok internett, 4MB/s, får ein ikkje tilskot. Den hastigheita er lite framtidsretta. Vi tar samfunnsansvaret på alvor og støttar prosjekt som ikkje får offentleg tilskot, Fiber med opptil 500 Mbit/s – begge vegar – er framtida! Det er det ein må ha, og vi er ikkje ferdige med å bygge ut fiber, verken i Jølster eller i Sogn og Fjordane, avsluttar Stig.

Stor utbygging

Eninvest har dei siste to åra bygd ut fiber på ulike stadar i 14 kommunar i fylket – frå Hornindal til Solund. I år har Eninvest bygd ut fiber så langt vest som råd, på Værlandet. Det skjer no krevjande utbyggingar i Gaular, Bremanger og i Ytre Sula, med stort lokalt bidrag frå folket der. Det skal også leggjast fiber på Bruland i Førde, i Deknepollen, på Sandane, i Høyanger og fleire område i Florø.

Smettvev som identitetsberar i Jølster

Vovne identitetar, samfunnsendingar og etableringa av ein tradisjonskunst på Jølster

Av Sallie Anna Steiner

Sallie Anna Steiner er doktorgradstudent innan etnologi (Folklore) på Universitetet i Wisconsin-Madison i USA. Oldemora hennar, Maria Fluge, utvandra frå Sanddalen i Jølster til USA i 1920, og Sallie Anna voks opp med ofte å høyre om «heimegarden» på Jølster. Sommaren 2014 kom ho hit for å bu og forske på tekstilkunst i området, og skreiv masteroppgåva si om smettvev som identitetssymbol. Denne artikkelen er eit utsnitt av den større oppgåva som snart blir publisert på engelsk i *Journal of Ethnology and Folkloristics* ved Universitetet i Tartu, Estland. I år er Sallie Anna tilbake på Jølster og held på med forskning til doktorgradsavhandlinga si om tekstilkunst blant flyktingar i Sunnfjord. Ho driv sjølv med tekstilarbeid, men er ikkje like flink som dei mange talentfulle personane ho var så heldig å bli kjent med sommaren 2014 og som er inkludert i denne artikkelen. Men ho er veldig glad og takknemleg for å kunne få høyre og skrive ned historiene deira og dokumentere kunnskapane deira om tradisjonskunst på Jølster.

Tusen takk til Per Esben Myren-Svelstad for den store hjelpa med å omsetje artikkelen frå engelsk. Det er greit å kunne snakke eit språk, men å omsetje er ein kunst i seg sjølv.

Denne studien tek til med nokre nøkkelspørsmål: Kva tyder det når vi kallar noko «arv»? Meir spesifikt: Når går eit kulturelt fenomen eller ein kulturell praksis frå å vere ein alminneleg del av kvardagslivet til å bli noko ei gruppe menneske tek opp, eller nytolkar, som eit symbol på seg sjølv, som ei oppsummering av identiteten deira? Eg har utforska desse spørsmåla gjennom feltarbeid utført på Jølster. Der undersøkte eg korleis rolla vevstilen smettvev spelar, har endra seg med tanke på sosioøkonomiske omveltingar i lokalsamfunnet. Under eit feltarbeid i 2014 var eg særskilt interessert i kor relevant denne tradisjonelle handarbeidsforma var for dagens jølstringar. Medan eg oppheldt meg i området og observerte korleis tradisjonell veving blir praktisert og forstått av yngre generasjonar, vart eg merksam på dei måtane jølstringane bruker dette handverket, og symbola knytt til det, for å framstille identitet. Observasjonane mine fekk meg til å gå ut frå at medan smettvev har fylt behov for forsørging og ritual i tidlegare generasjonar, har denne kunstforma i dag i stor grad ei sosial rolle som tradisjonskunst og identitetssymbol. Vår tids yrkesvevarar er for det meste motiverte av ei interesse i denne forma som tradisjonskunst, jamvel om somme av dei framleis er avhengige av henne som inn-

tektskjelde. Dette tyder på ei djuptgåande endring i korleis jølstringane oppfattar smettveven; ei refleksiv omtolking, forårsaka av sosioøkonomiske endringar, av denne materielle forma for kulturarv.

I løpet av sommaren 2014 møtte eg og intervjuar ei ulike-arta gruppe menneske med eit aldersspenn frå 11 til 102 år, alle med ulike nivå av engasjement i tekstilkunst. Informantane mine var yrkesvevarar, hobbyvevarar, butikkeigarar, samlarar, besteforeldre som var oppvaksne med veving, og barneborna dei hadde lært handverket vidare til. Gjennom forteljningane til informantane mine såg eg korleis endringane i økonomi og landskap, og den veksande mobiliteten i folket, hadde lagt premissane for utviklinga av vevtradisjonen deira. Etter som Jølster har gått frå underhaldsøkonomi til kapitalisme, har den tradisjonelle tekstilkunsten gått frå handverk som understøttar velferda for folkesetnaden, til ei abstrakt kulturarv som stadfester, definerer og stør opp under identiteten til jølstringane. På det viset kan vi seie at smettveven ikkje berre utgjør eit eige samfunnsliv på Jølster, men at han òg spelar ei rolle i å definere den sosiale førestillingsverda til jølstringane, i og med at dei freistar å forstå seg sjølve refleksivt gjennom nytolkinga av denne kunstforma og symbola knytt til henne.

I analysen av funna mine identifiserte eg tre fasar i utviklinga av tekstilkunstarv på Jølster, slik informantane mine framstilte det. Før 1945, då underhaldsøkonomien dominerte og veving var ein del av kvardagslivet; 1945–1980, då økonomien tok til å endra seg dramatisk mot ein kapitalistisk struktur og veving til produksjon oppstod; og til slutt frå 1980 til i dag, når Jølster er fullstendig integrert i den globale økonomien og smettvev absolutt blir rekna som tradisjonskunst. James Abrams omtalar skiftet frå kvardagsleg kulturfenomen til kulturarvspraksis som «kulturell objektivering». Han definerer dette som «den prosessen der handlingar som tidlegare var tekne for gjevne, blir materialiserte som kulturell eigedom og gjort om til eit vekslemiddel». Det er utan tvil slik at smettveven, ved å bli eit identitetssymbol, har vorte transformert til eit middel til å kommunisere og føre vidare («veksle») identitet. I tillegg blir verdi tillagt eit objekt proporsjonalt med den evna det har til å bli brukt for å veksle – anten som vare eller som middel til å syne fram identitet. Dette er i tråd med at samfunnet og økonomien på Jølster har gått over til eit kapitalistisk paradigme.

Før og under andre verdskrigen var Jølster ei nokså isolert bygd med underhaldsøkonomi. Kapitalisme og glo-



balisering hadde byrja å sive inn i området i stor stil mot slutten av 1800-talet. Då vart bankar grunnlagde og bilvegar, forretningar og bedrifter delaktige i å importere og eksportere varer og menneske til og frå Jølster vart etablerte. I det store og heile var likevel livet til ein gjennomsnittleg jølstring styrt av dei same sosioøkonomiske strukturane som hadde vore gjeldande i dette samfunnet i fleire hundreår. Mønsteret heldt seg gjennom andre verdskrigen, då den tyske okkupasjonen sette skarpe grenser for det økonomiske handlingsrommet til nordmenn flest. Dei informantane mine som er fødte før 1945, fortel om ein oppvekst med tradisjonelle gards- og familiestrukturar, der ein fylgde komplekse og ritualiserte kalendersyklusar som styrte alle sider ved arbeid og fritid i desse gardbrukarsamfunna. Når det gjeld kvinnene i denne perioden, var året i stor grad delt mellom jordbruksarbeid i dei varme månadene og tekstilarbeid i dei lange vinternettene. Ifylgje informantane mine var veving i denne perioden eit handverk til økonomisk underhold, ein aktivitet som skulle framstille nødvendige stoff og pyntegjenstandar til bruk ved rituelle handlingar. Dei rituelle pyntegjenstandane omfattar brureåkle vovne i smett av komande bruder eller av andre medlemmar av familien og samfunnet rundt. Desse åklea skulle bli bryllaupsgåver eller arvestykke. Svanhild Aahaug frå Ålhus hugsar at ho vov sitt fyrste smettåkle for å førebu seg til bryllaupet sitt. Åkleet vart hengt opp som dekorasjon i kyrkja under vigselen og i ungdomshuset under gjestebodet.

Det økonomiske oppsvinget etter andre verdskrigen, som stimulerte økonomien i mange land, kom likeins til Noreg. Dermed fann Jølster attende til dei globaliserande trendane som hadde byrja å forme samfunnet der i løpet av dei fyrste tiåra på 1900-talet. I denne tida endra funksjonen til arbeid seg dramatisk. I staden for å arbeide for sjølvopphaldet til familien, tok folk no lønna arbeid for å auka individuell kjøpekraft. Det vart lagt stadig større vekt på å selje varer med tanke på eksport til større byar som

Sallie Anna Steiner på besøk i Astruptunet i lag med vev- og draktentusiastane Sigrud Fluge (t.v.) og Bodil Myklebust. Foto: Hallstein Dvergsdal

Bergen, og familieeiningar levde i aukande grad ikkje av heimelaga varer, men av mat og tekstilar kjøpt med pengar tent på eksport. Kvinner vart fanga i ein vanskeleg situasjon ettersom dei økonomiske realitetane endra seg. Få av dei arbeidde utanfor heimen eller hadde dugleikar som kunne omsetjast utanfor den heimen som hadde vore arbeidsplassen deira i generasjonar. Trass i dette følte kvinner på kravet om å tene pengar på lik line med andre, og mange starta å veve med produksjon og sal som føremål. Sal av tradisjonelle vevnader, særskilt smettåkle, hadde halde på sidan hundreårsskiftet, men denne verksemda fekk eit nytt uttrykk i etterkrigstida, då lokale gründerar opna salsbodar og butikkar der dei selde smettvevarer. Dette resulterte i at organiseringa og marknadsføringa av kunsttradisjonar skjedde på lokalt initiativ, men som konsekvens av eksterne sosioøkonomiske faktorar.

Svanhild fortalde meg at inntektene ho fekk av å veva for ein av dei lokale gründerane, Audhild Viken, innebar at ho vart meir sjølvstendig enn mora og bestemora før henne. Ho fortalde vidare at det å tene eigne pengar hjelpte henne til å ta vare på sjølvstendet også etter ho gifte seg. Tidlegare hadde kvinner hatt lite rett på eigedom eller privatøkonomi. I intervjuet forklarte ho korleis det å gifte seg hadde medført ein brå slutt på livet hennar som moderne arbeidskvinne i meieriet. «Da var eg vande med fordi eg var 'yngre' kan du seie, og så plutselig skjer noke. Ho naboen min, ho sa at når vi er unge, løste vi jo oss sjølv og kan bruke pengane sånn som vi vil. Når vi gifte oss, då er vi null! Ho hadde litt rett, ho».

Det var dette vonbrotet som gav Svanhild lyst til å byrje veve for Audhild Viken. Svanhild fortalde at ho kunne få kring 1100 kr for eit stort brureteppe, og ho brukte ofte



Dette brureåkleet i smettvev laga Svanhild Aahaug til bryllaupet sitt.

26

pengane til å kjøpe luksusartiklar, noko som hadde vore utilgjengelege så lenge ekteskapet gjorde henne økonomisk avhengig.

Vestetikken vart endra for å tilpassa seg det nye kundegrannlaget, som i etterkrigstida omfatta både innfødde, nordmenn utanfor lokalområdet og turistar. Dei store, tradisjonelle smettåklea vart framleis kjøpte, men fordi dei var dyre og hadde vorte mindre viktige til rituelt bruk, laut vevarane skipa om produkta sine for at dei skulle passa med det kundane trong og ynskte. Mindre gjenstandar, som bordløparar, vart difor populære. Svanhild poengterte at det meir «sekulære» bruksområdet til desse tekstilane opna for at vevarane kunne vera meir kreative i utforminga og i større grad rette seg etter moten. Både ho og andre vevarar omtala ikkje-tradisjonelle vevnader som «fantasiåkle».

På 1960- og 1970-talet gjekk den norske økonomien gjennom dramatiske endringar etter at regjeringa starta med oljeutvinning frå den norske kontinentalsokkelen i Nordsjøen. Oljeindustrien og dei innbringande investeringsstrategiane førte til vesentleg vekst i økonomien i dei fylgjande tiåra. Desse djuptverkande økonomiske endringane medverka til ein epoke med sterk urbanisering og sentralisering i Noreg. På Jølster innebar dette at mange valde bort gardsdrift og bygdelivet til fordel for arbeid i tenesteytande yrke i større byar. Etersom det vart stilt høgare krav til utdanning i mange sektorar, og sentraliseringspolitikken til ulike regjeringar førte til at grendeskuler måtte stengje, søkte ei mengd ungdomar til større bygder eller byane for å ta høgare utdanning.

For mange har denne utvandringa frå bygdesamfunna ført med seg ein motivasjon til å komme attende med ei endå sterkare kjensle av tilhørsle til området og historia.

Anne Lise Øvrebø, ein ung gullsmed og metallarbeidar, reiste attende til heimbygda Ålhus for å få kunstnarleg inspirasjon etter å ha vore vekke i fleire år i samband med skule og lærlingpraksis. No er ho heilårsinnbyggjar i grenda, saman med mann og barn, og driv Øvrebø Smykkeverkstad. Anne Lise gjekk på heimyrrjeskulen på Vassenden, på lina for kunst og metallarbeid. Ho tok deretter eit lærlingprogram i gullsmed- og metallarbeidarfag, der ho jobba med ein søljemakar frå Setesdal. Deretter studerte ho vidare i same retning i Oslo. Ho fortalde at ho valde yrket sitt fordi ho trong eit arbeid ho kunne både «leve av» og «leve for». Ho grunn gav dette med at ho ynskte å bli buande i heimbygda og lage gjenstandar knytte til ei lokal identitetskjenle. Dei nyaste arbeida hennar er glattpolerte og moderne, men samstundes sterkt påverka av bakgrunnen hennar i tradisjonelle teknikkar og identiteten som jølstring.

Anne Lise er eit døme på at individuelle oppfatningar av identitet blir påverka av fleire ulike aspekt. Kulturarven og identiteten til Anne Lise er definerte ikkje berre av erfaringane som innfødd jølstring med innsikt i lokale kunstformer, men òg av erfaringane frå andre stader i Noreg, og andre lokale og globaliserte kunstteknikkar. Individuelle identitetsoppfatningar oppstår ikkje i tomrom; dei blir snarare utforma ved bruk av referanserammer tileigna både innanfor og utanfor lokalsamfunnet. Dessutan blir kulturarv definert av lokalsamfunn og individ som vel ut dei tinga dei ynsker å halda oppe som verdfulle. Samstundes er det slik at kulturarven også definerer lokalsamfunn og individ, i kraft av at den er med på å utforma identitet og sjølvkjensle. Som den norske forskaren Mikkel Tinn hevdar, byggjer sjølvoppfatning fyrst og fremst på den kulturelle plasseringa: «Lenge før vi begynner å forstå oss selv gjennom selvreleksjon, forstår vi oss selv gjennom familie, samfunn og stat».

Kulturarv formar såleis sjølvoppfatninga vår, jamvel om vi skaper denne oppfatninga gjennom sosiale førestillingar og ulike erfaringslag. Kulturarv er eit felles minne som vi skipar om på og kodifiserer, og måten vi utformar den på, seier like mykje om dei perseptuelle identitetane våre som om sjølve innhaldet i kulturarven. Vi får ikkje overlevert arven som eit tidlaust arvestykke, men konstruerer og formar om på den for å reflektera vårt eige liv og det vi ynsker å tru om det, på same viset som forgjengarane våre utforma kulturarven i tråd med sine eigne situasjonar. Tradisjonar må difor ha ei «levande tyding» – m.a.o. relevans for det mangefasetterte livet til dei som praktiserer tradisjonane – for at dei skal kunne halde fram. Kulturarven er såleis nødvendigvis konstruert, idet den utviklar seg i tospann med livet til dei som praktiserer henne, slik at ho held seg relevant. Likeins har den marxistiske teoretikaren Raymond Williams påpeikt at medan den folkelege oppfatninga av tradisjonar er at dei er symbol på fortida, er dei i røynda «eit aspekt ved notidas organisering av kultur og samfunn».



På besøk heime hos Svanhild Aahaug.

For yrkesvevaren Anne-Britt Lotsberg, som bur i Eid kommune, er den samtidige relevansen til smettveven heilt sentral for at verksemda ho driv heime, skal vere framgangsrik. Anne-Britt voks opp i Fjærland, på andre sida av Jostedalsbreen. På grunn av dårlege vegsamband var Fjærland nokså isolert til utpå slutten av 1900-talet, og bygda er kjend for ein særskilt godt bevart vevtradisjon. Under oppveksten var Anne-Britt omgjeven av kvinnelege vevarar og andre handverkarar. Anne-Britt fortalde at ho alltid har vore særskilt interessert i smettvev, og at ho som barn starta å etterlikne dei fargerike vevmønster til bestemora på rutepapir. Etter kvart gjekk ho vidare med å samle inn mønster frå Fjærlandsområdet ved å gå gardmellom med kladdeblokk og teikne ned mønster ho lærte av kvinnene i bygda. I intervjuet vårt skisserte Anne-Britt ei utførelg bakgrunnshistorie for interessa for veving. Ho

Smykke inspirert av smettvev, laga av Anne Lise Øvrebø.



byrja med å teikne ned mønster fordi dei var fine å sjå på, men etter kvart som ho vart eldre, vart ho meir medviten om kulturarvsverdien i handverket: «Når eg tok til å teikne mønster, så var eg nok byrja å tenkje på at det var kjekt å bevare dei. Men det var nok mest det å samla. Bevare dei kom etterpå».

Mange lokale kvinner, så som bestemor til Anne-Britt, var involverte i suvenirhandelen som oppstod ved hovudattraksjonen i bygda, Jostedalsbreen. Dette er reflektert i språket Anne-Britt brukte: Då ho omtala dei kvinnene som vov for turistbransjen,

sa ho at dei vov «til breen». Mundal Hotell, den populære feriestaden i Fjærland, tilsette mange kvinnelege vevarar for å utsmykka lokala og tilby suvenirar til kundane. Som ungjente var Anne-Britt vitne til omdekoringa av hotellet, då mesteparten av dekorasjonane vart fjerna. Ho hugsa at ho var letta over at ho fekk teke bilete av nokre av dei største og flottaste vevnadene før dei vart kasta i søpla.

I 2000 slutta Anne-Britt i jobben i fylkeskommunen og starta å veve på heiltid. Ho reklamerer for varene sine via jungeltelegrafan, og fortel at dei fleste kundane er nordmenn, både lokale folk og andre – mellom anna frå Hordaland, eit fylke med sin eigen lokale versjon av smettveven. Anne-Britt fortalde at mesteparten av inntektene kjem frå store vevnader tinga spesielt til høve som bryllaup, konfirmasjonar og butikkinnviingar. I tillegg held ho seg med eit lager mindre salsvarer som løparar og putevar, og ho fortel at mange kundar kjøper desse for å skape eit tradisjonelt interiør på hytta. Trass i at handverket til Anne-Britt er sterkt knytt til tradisjon, gjer ho stadig endringar i

Kari Astrup Geelmuyden lagar smettinspirert keramikk.



vevstilen for å tilpasse seg smaken til yngre kjøpargrupper. Då eg besøkte henne, synte ho meg ein stabel «moderne» løparar med tradisjonelt mønster, som like fullt var vovne med eit fargeskjema meir i tråd med dagens mote. Ein vevnad med eit utradisjonelt, asymmetrisk hjartemønster var under arbeid på veven, tinga spesielt til eit bryllaup. Sjølv om ho trufast forsvarar sin eigen bruk av tradisjonelle teknikkar og vev på ein gamaldags, ståande vevstol etter skikken frå heimbygda, fortalde Anne-Britt meg at ho ikkje er redd for å tøya reglane for å laga nyskapande vevnader som yngre kundar vil kjøpe. Ho sa at det er heilt sentralt for at verksemda hennar skal gå bra i det lange løp at ho greier å lage produkt som framleis interesserer yngre generasjonar.

– Vi får no prøve å få til at det ikkje går heilt i gløyme-boka. Vi får no prøve å sjå om vi får lære opp nokon etterkvart.

Anne-Britt er ikkje eit unikt tilfelle. Nostalgi er ei kraftig – og kanskje kan vi seie produktiv – makt som har opna for at tradisjonelle kulturformer blir gjort til sals- og bytevarer med tanke på økonomisk og sosial vinning. Tradisjonskunstnarar må ofte medvite utforme og organisere verka sine for at dei skal appellere til forbrukarar; folkloristen Andrew Causey kallar dette samanfletting [conflation]. Samanfletting kan skje ved at tradisjonelle kunstformer blir overførte til ikkje-tradisjonelle medium, eller ved at tradisjonelle kunstformer blir omtala og konseptualiserte på ein ny måte. Eit eksempel på det siste er innslaget med Anne-Britt i Norge Rundt, der det «fortidige» ved handverket hennar vart understreka ved at innslaget vart filma ved ein historisk bygnad, og ved tilvisingar til mellomalderen. Det er godt dokumentert at å verdsetje tradisjonskunst ved å overdrive kor gamal han er, å omtale kunstformer som uforanderlege og tidlause, og å appellere til eit nostalgisk blikk, er ein måte å gjere folkekulturen tilgjengeleg som salsvare for både innfødde og tilreisande forbrukarar.

Jamvel om det i vår tid berre er nokre få enkeltpersonar som vev smett til dagleg, er det mange som tek i bruk symbola og motiva knytt til veven for å signalisera identitet. Eit eksempel på dette er at handverkarar som Anne Lise Øvrebø og andre som Kari Astrup Geelmuyden overfører smettvevmotiv til andre medium. Kari pregar pottemakerkunsten sin med smettmønster. Andre døme kjem frå det offentlege, så som den nye logoen til Jølster kommune, som vart teken i bruk for få år sidan. Logoen nyttar det gamle klomønsteret, eit enkelt, men gammalt motiv som er grunnlag for mange andre mønster. Når kommunestyret valde dette motivet til å representere seg, i staden for andre, meir nyanserte eller samtidige mønster, viser det at dei vil knyte seg til fortida og identifisere seg med forfedrane. I tillegg bestemte dei at mønsteret skulle framstillast i det fargeskjemaet – raud, gul og svart – som var vanleg i området før syntetiske farger vart innførte. Dette viser at dei ynskjer å minnast og ta vare på ei «autentisk» tid som svært få i Jølster i dag faktisk kan hugse. Bruken av smettmotiv i både det offentlege og i lokal kunstproduksjon viser såleis korleis notidas og fortidas tidsrom blir kopla saman gjennom bilete og symbol. Dessutan blir motivet teke ut or ei tradisjonell form og samanheng, og

brukt om att som offisielt identitetssymbol. Dette viser korleis kunstforma blir omgjort til eit «umiddelbart gjenkjenneleg», «uendeleg reproduserbart» metonym for jølstringar.

Smett har vorte eit vellykka varemerke i Jølster dei siste åra, i og med at denne kunstforma har vorte nytolka i populærkulturen. Smettmønster kan no finnast som silketrykk på klesplagg, som motiv på masseproduserte accessoirar og som logo for lokale arrangement som Jølster Aurefest i 2014. Vinnaren av aurefesten fekk då ein bil med spesiallaga smettmønster på karosseriet. Dette vekte slik åtgåum at arrangørane gjorde det same i 2015 og 2016. Nok ein gong kunne vinnaren køyre av stad i eit nytt glis med lokale symbol – eit stjerneeksempel på korleis dagens jølstringar tek styringa over det lokale og det globale, det gamle og det nye. Rennsansen til smettvev som tradisjonskunst og identitetssymbol viser handlingsrommet jølstringane har når det gjeld å forstå og forme dei notidige sosioøkonomiske tilhøva i kommunen, når dette symbolet no har vorte ei salsvare. Gjennom denne vara forhandlar jølstringane fram ein posisjon der dei på ei og same tid framstiller seg som innfødde i heimdistriktet og deltakarar i den globale marknadsøkonomien.

Kjelder (utval)


- Anderson, Benedict. 1983. *Imagined Communities*. London: Verso.
- Astrup, Kajsa. 21. juli 2014. Intervju med skrivaren.
- Bakke, Heidi Lise. 23. oktober 2014. «Ho har ein utryddingstrua hobby.» Førde: NRK Sogn og Fjordane. <http://www.nrk.no/sogn-nogfjordane/ho-har-ein-utryddingstrua-hobby-1.11960173>.
- Causey, Andrew. 1999. «The Singasinga Table Lamp and the Toba Batak Art of Conflation.» *The Journal of American Folklore* 112 (445): 424–36.
- Dvergsdal, Jorunn. 10. juni 2014. Intervju med skrivaren.
- Førund, Finn Borgen. 2001. *Jølster: Hundre år med bygd og bank*. Førde: Selja forlag.
- Kongsvik, Brita. 30. mai 2014. Intervju med skrivaren.
- Lotsberg, Anne-Britt. 19. juni 2014. Intervju med skrivaren.
- Myklebust, Sverre, red. 1973. *Sogn og Fjordane i manns minne: Daglegliv ved hundreårsskiftet. Frå Nasjonalforeningens landskonkurranse for eldre*. Oslo: Samlaget.
- Noss, Aagot. 2005. *Jølster og den gamle klesskikken*. Oslo: Novus forlag.
- Røed Larsen, Erling. 2006. «Escaping the Resource Curse and the Dutch Disease? When and Why Norway Caught up with and Forged Ahead of Its Neighbors.» *American Journal of Economics and Sociology* 65 (3): 605-40.
- Sogn og Fjordane Husflidslag. 2014. *Raudlista: Handverksteknikkar. Flekke, Noreg: Sogn og Fjordane Husflidslag*.
- Solheimsnes, Arne Reidar. 16. november 2014. Intervju med skrivaren.
- Tinn, Mikkel. 2011. *Spilleregler og spillerom: Tradisjonens estetikk*. Oslo: Novus forlag.
- Tuan, Yi-Fu. 2004. *Place, Art, and Self*. Santa Fe: Center for American Places.
- Williams, Raymond. 1977. *Marxism and Literature*. Oxford: Oxford University Press.
- Øvrebø, Anne Lise. 21. juli 2014. Intervju med skrivaren.
- Aahaug, Svanhild. 2. juni 2014. Intervju med skrivaren.



Bakverk med tradisjon!

ENTREPRENØR

**Ivar A.
Sunde a/s**



6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 90 19 62 72
E-post:ivar@isunde.no

Utfører alt innan tre og betong



Eikås Frisør

EVA ÅRSET
6847 VASSENDEN

Opningstider etter behov.
Timebestilling
TELEFON 57 72 75 88



JØLSTER BIL

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 68 90
www.jolsterbil.no



**KJØSNES
FERIEHYTTER**

www.kjosnes.no
tlf. 97 01 92 86

SPAR  **Jølstraholmen**

Ope man-fred 8-22 - laurdag og søndag 9-21

Jølstringen kafe

Ope man-fre 8-20

laurdag og søndag 9-20

<https://spar.no/Finn-butikk/SPAR-Jolstraholmen/> for meir info

Stein Arne Sunde As

918 94 578

Transport – Graving – Muring

Sentral godkjenning
Maskinentreprenør



**Tlf. 57 72 70 18
Mob. 908 83 940**

Mitt 50-talsminne:

Badstove i Støfringsdalen

Av Egil Støfring

Tiåret frå sist på 40-talet til sist på 50-talet står for meg i eit eige lys. Somrane var solfylte og vintrane gnistrande kalde, med godt skiføre, måneskin og nordlys over fjell, vatn, elvar, skog og bøar. Snøslaps, holke, ubrøyte vegar og somrar med vekevis med hesjing og ugrasreinsking i silande regn, er berre vage minner. Elektrisk straum frå Bertel Eikaas sitt kraftverk i Kvamsfossen, fekk vi lagt inn først i 1948, så det som var å sjå på himmelkvelven sine lys, hadde få andre, jordiske konkurrentar om kveldane.



Gamlestova i Støfringsdal, med inngang til badstova i kjellaren, slik den står i dag. Foto: Hallstein Dvergsdal

Naturleg nok var det smått med innlagde bad på min heimstad i dette tiåret, så uttrykket å «ta seg ein dusj» var enda ikkje innført der. Skulle det badast, vart det fyrst opp under den største kjelen i vaske- eller bakstekjellaren. Varmvatnet vart fylt i ein trestamp eller i ein sinkbalje, avhengig av storleiken på den som skulle oppi, og blanda med kaldvatn. Krabaten som skulle til pers, vart så sett inn med «Sunlight»-såpe, og den store reinsinga kunne ta til. Oftast var dette noko som gjekk for seg etter arbeidstid om laurdagen, før barnetimen og anna underhaldning i radioen.

Medlemmene i idrettslaget «Fjellvåken» i nedre Jølster (stifta i 1941), hadde samkomer i sauefjøsene til Nils Åsen i Støfringsdalen, der dei sat og «tjuvlytta» på London under den andre verdskrigen. Steinar Støfring, som no er den einaste attlevande av medlemmene i laget frå den tida, har fortalt meg om denne tida. Mellom medlemmene

i «Fjellvåken» var Gunnar, Steinar og Asbjørn Støfring, Harald Hjellbrekke, Odd og Arne Eikås, Sverre Kvammen, Einar Gjesdal og Einar Myklebust, for å nemne nokre idrettsnamn. Den seinare kjende kunstnaren Ludvig Eikaas var òg innom laget.

I sauefjøsene drøfta dei planer om å bygge seg ei badstove. Dei tykte det hadde vore svært å kunne ta seg eit badstove-bad innimellom, ikkje minst etter ein treningstur.

Nils stilte velviljug tre rom i kjellaren under gamlestova

til disposisjon for badstoveprosjektet. Han var òg ein ivrig deltakar i dugnads-gjengen som arbeidde med innreiing av badstova. Problemet var å få tak i ein brukandes omn, og det let seg ikkje løyse før etter krigen. Ein er noko usikre på året, men reknar med at badstova vart opna kring 1948. Alle som ynskte det kunne komme på badekveldane. Dei eldre brørne mine sa eg kunne vere med frå eg fylte sju år. Om det var noko dei hadde fått beskjed om av «Fjellvåken» er heller uvisst. Nokre kvinner slo seg saman og hadde sporadisk

eigne kveldar da dei fyrte opp omnen.

Kor vanleg dette med badstover var etter krigen, er uvisst. Uvisst er det også om badstova i Støfringsdalen var registrert nokon plass. Men ein peikepinn på kor vanleg dette var, kan ein kanskje finne i SSB sin rapport frå 1950 om «Sunnhets- og Medisinalforholdene 1950». Her står det at det i Sogn og Fjordane var 19 «offentlige varmbad». Av desse var ti knytt til ulike verksemdar og offentlege institusjonar, og ni var «selvstendige anlegg». Dermed kunne nok stova i Støfringsdalen tenkast å vere i den siste kategorien, og den var såleis eit eksklusivt tiltak.

Idrettslaget «Fjellvåken» vart stifta i 1941 og hadde medlemmer frå heile Eikås krins, Vassenden-området, heilt inn til Strand på sørsida av Jølstravatnet. Laget vart lagt ned i 1955, da idrettslaga i Jølster vart slegne saman til «Jølster idrettslag».



Utsnitt av døra inn til badstova. Foto: Hallstein Dvergsdal

Eksklusiv var i alle fall opplevinga vi hadde som sokna til og nytta oss av dette tilbodet. Vi såg med fryd og forventning fram til badesesongen starta om hausten, helst kring oktober månad, når ein var ferdig med all innhausting, sauesanking og anna som skulle gjerast før vinteren. Den vart gjerne avslutta i april månad, da folk fekk det travel med vårvinna.

Sjølv har eg sterke minne knytte både til badstoveopplevinga i Støfringsdalen, og turen fram og attende. Den gjekk gjerne over Dale-isen når den hadde lagt seg om vinteren, og gamlevegen elles i året. Turen til Støfringsdalen, eller «bading i Dalen», var på omlag tre kilometer. Visseleg kunne det vere ruskevêr og kaldt inimellom. Men eg hugsar lite av det, anna enn at det håret som stakk fram under strikkelua, ofte var stivfrose då vi kom heim. Det eg hugsar best frå desse turane var det fantastiske stjernemylderet, måneskinet og nordlyset. Når vi gjekk forbi nabofjøset til Kristina og Nikolai, kunne vi ofte høyre døtrene Karen og Johanna, som sat på mjølkekrakken og song så det ljoma, vers etter vers frå «Den store Grammofon- og Radiosuccess, Sømanden og Stjernen» frå 1942, der første verset lyder slik:

*Hør min Sang du klare Aftenstjerne,
du som funkler hist paa Himlens Blaa,
tag en Hilsen med dig til det fjerne,
hjem til den, jeg altid tænker paa.*

Kanskje hadde dei lært seg alle versa ved å spele danske Victor Cornelius si plate frå 1943 på det imponerande, raude grammofonkabinettet som ein slektning hadde med heim frå si Amerika-reise. Slagerane hadde visseleg lengre levetid den gongen. Desse tonane høvde ofte godt til naturopplevinga og prega nok litt av det ein hugsar frå desse turane.



Steinar Støfring er einaste attlevande av medlemmene i idrettslaget «Fjellvåken». Steinar har no fylt 90 år og er med i DNT sin trufaste dugnadsgjeng, og driv framleis med merking av løyper og vedlikehald av turisthytter.

Komne fram til badstova, galdt det å finne seg ein høveleg stad for seg sjølv og kleda sine, for det kunne av og til bli trengt om plassen med ei samling på 15–20 store og små, og vi sju-/åtteåringane hadde neppe prioritet til dei beste plassane. Badet hadde tre rom; først kom ein omkleddingsrommet med vedlager, som til dagleg tente som verkstad for Nils. Innanfor dette var dusjrommet med ein dusj på deling. Dessutan var her ved-ilegg for omnen. Inne i badstova var det to høgder med benker, omnen med ein vasstank på om lag 25 liter. Ein kan tenke seg kor mykje varmt vatn som var att i tanken når den fyrste halvparten av brukarane den kvelden hadde dusja! Dei som heldt ut, venta utover kvelden til vatnet i tanken hadde blitt varmt att. Innimellom gjekk det sport i å sjå kor varmt vi kunne få det, og kven som då heldt ut lengst før ei måtte ut og kjøle seg av. Karane i «Fjellvåken» gjekk av og til ikkje av vegen for ein liten konkurranse, og mang ein gong vart det så varmt for enkelte at avsvimminga var nær. Då gjorde det godt at vatnet i dusjen rett utanfor døra var iskaldt.

Fyringa i badstova gjekk elles på omgang, og brukarane tok anten med ved heimanfrå eller betalte for seg. Av og til fekk vi kapp frå pennalfabrikken til Bertel Eikaas på Fluge.

Det er litt usikkert når det vart slutt på «bading i Dala». Året var truleg 1958 eller -59.

Badstovekveldane i Støfringsdalen høyrer til mine sterke og gode minner frå 50-talet. I dag ville det nok ha vore litt høgare aldersgrense for når ein kunne vere med på dette tiltaket. Det kunne vere utfordrande for ein sju-/åtteåring å bli utsett for bortimot 90 varmegrader. Det vanka også kvasse historier, skrøner og vitsar mellom «Fjellvåkane». Vi små, som ikkje alltid skjønna halvparten av det som kom opp, tok vonaleg ikkje varig skade av korkje det eine eller det andre.

nordfjord *Naturstein av høy kvalitet* SKIFER

VASSENDEN TAXI



Mobil 48 21 00 22

32



Årdalsbakke Elektro AS
Vikavegen 104, 6843 Skei i Jølster
www.aardalsbakke.no



elfag.no - Når du treng elektriker



Ynskjer du hyttetomt i Jølster?

Ta kontakt med

Holtane Hyttegrend AS,
6847 Vassenden

e-post: ivar@isunde.no
mobil: 901 96 272
www.holtanehyttegrend.no

Gammelt frå Jølster

Ein gong kom det tre bjørnar like ned til heimehusa. Då samla det seg ei heil mengd folk og gjorde manngard og dreiv bjørnane opp på ein hammar, med store sva kringom. Der laut bjørnane stå. Der var berre ein skyttar i flokken, og han skaut to av bjørnane, men den tredje sprang over manngarden. Den eine av bjørnane som fekk landsskotet, sprang utfor ham-maren og ned under svaet. Drengen til han som skaut, gjekk ned og ville ta bort i bjørnen, men fekk eit godt slag på kjaken.

Nye kyrkjegardsportar på Helgheim

Av Hallstein Dvergsdal

Den nyaste delen av kyrkjegarden på Helgheim i Jølster vart teken i bruk i 1983. Gråsteinsmuren rundt kyrkjegarden vart forlenga i samsvar med utvidinga, og det vart laga to nye inngangar til gravplassen.

Tregrindar

I muren rundt den eldste delen av kyrkjegarden er der tre inngangar med portar i smijarn, laga i 1942 og 1946. Mannen bak desse var Atle Heggheim, og dei har fungert godt i alle år sidan dei vart monterte.

I dei to nye inngangane vart det sett inn grunder av impregnert tre. Ikkje heilt vanlege sauegrunder, men arkitektheitna og samansnekra etter alle kunstens reglar. Dei gjorde jobben sin, men sto ikkje heilt i stil med dei gamle portane, noko fleire såg og tenkte. Men nye stålportar i same stil som dei gamle kosta flekk, og kyrkja sitt budsjett er, som dei fleste veit, ikkje eigna til store økonomiske utskjeiningar.

Dermed vart treportane ståande heilt til for om lag eitt år sidan. Dei vart ståande heilt til ein jølstring bestemte seg for å bruke nokre kroner på å få på plass nye smijarnsportar. Mannen det handlar om er Torleiv Stenestø, pensjonert målar som gjennom arv fekk ein del midlar til disposisjon.

Ba om råd

Historia bak dei nye portane vart presentert under ei gudsteneste i Helgheimskyrkja tidleg i vår. Portane kom på

plass før jul, men gjevaren av den rause gåva var lenge anonym, og det var han heilt til Hyrdingrøysta kunne fortelje historia før påske.

Det var Jarle Helgheim som i fjor vart kontakta av Stenestø med spørsmål om å hjelpe til med nokre praktiske ting i samband med ein arv.

– Eg lovde å gjere det, men det vart meir arbeid enn eg hadde tenkt meg, sa Jarle Helgheim då han orienterte kyrkjelyden om portprosjektet. Han kunne vidare fortelje at etter at arvingen hadde fått pengane i boks, spurde han Helgheim om han hadde eit råd om eit godt føremål til å bruke noko av pengane til.

– Hadde eg hatt pengar til det, hadde eg spandert smijarnsportar til den nye delen av kyrkjegardsmuren, svara Helgheim.

Loddet var kasta

Torleiv Stenestø tende straks på tanken om å få på plass smijarnsportar i staden for dei over 30 år gamle tregrindane.

– Held det med 100 000?, spurde han, noko Helgheim trudde det gjorde. Dermed vart det gjort slik at Jarle Helgheim skulle ta seg av det praktiske med å få portane realiserte, og Stenestø skulle ta rekninga.

Etter dette vart dei nye portane teikna med grunnlag i dei gamle, med stort sett same utforming og same symbolikk.

– Dei nye opningane i muren er mykje større enn dei gamle, så her vart det snakk om delte portar som til saman



Det er stor glede og takksemd i kyrkjelyden for den rause gåva frå Torleiv Stenestø. F.v.: soknerådsleiar Astrid Aardalsbakke Feldt, sokneprest Silje Sørebo og Jarle Helgheim.



veg 150 kg, fortel Jarle Helgheim, som via foto av dei gamle portane fekk proporsjonane over på papir, noko som gjorde det mogeleg å teikne dei nye portane.

Solid arbeid

Etter at teikningane var klare, handla det om å finne ein brukande smed, noko som ikkje veks på tre. Valet fall på den utflytte jølstringen Bodvar Fonn som smidde og sveisa portane før dei vart sende til Ørsta for galvanisering og lakkering. Smeden har gjort eit framifrå arbeid, noko som vart sterkt understreka då portane vart presenterte. Prisen enda til slutt på 150 000 kroner, noko Torleif Steinestø betalte utan å mukke.

– Det var ein lang og omstendeleg prosess, og portane er godkjende av både sokneråd, prost og biskop, fortalde Helgheim, som fekk mykje ros for det arbeidet han har lagt ned for å få dei nye portane på plass.

Symbolikk

Jarle Helgheim fortel om kva om ligg bak utforminga av portane, og det kjem fram at det ligg mykje tung symbolikk i mønsteret. Midt på toppen av portane står Alfa og Omega, den første og den siste bokstaven i det greske alfabetet. Det handlar om byrjinga og slutten, om fødsel og død; dei to ytterpunkt av livet.

Vidare finst det både på sidene,

Det står ein slik ny port i kvar ende av denne vegen. Portane er symboltunge med stort sett same utforming som dei gamle. Sirkel, kors, den tre-einige Gud, i tillegg til Alfa og Omega, er symbol som går att.

på toppen og på undersida fleire små sirklar. På toppen og på sidene står det tre sirklar i lag, den tre-einige Gud, medan det i ei råde midt i portane står ein stor sirkel med ein kors i, og med spilar inn mot sentrum som skal symbolisere sola og lyset.

– Sirkelen har inga byrjing og ingen slutt, den symboliserer æva, seier Jarle Helgheim om denne delen av symbolikken i dei nye portane.

Det er berre å gratulere kyrkjelyden med dei nye portane og slå fast at kyrkjegarden på Helgheim er blitt endå eit hakk vakrare enn den var før.

Gammalt frå Jølster

Ein mann hadde ei geit gåande i marka. Geita brukte å komme heim sjølv, men ein kveld kom ho ikkje att. Mannen tok då eit grev og la til skogs. Då han kom opp på ein bakkekam attmed ei myr, såg han bjørnen stod og heldt på geita. Mannen sprang fram på myra og truga bjørnen med grevet. Bjørnen sprang til møtes med mannen, så han laut springe attom bakken. Då luska bjørnen tilbake til geita. Slik heldt dei på tre gonger, då gav bjørnen seg.

Breen i Soleibotnen har gått gjennom store endringar på vel seksti år

Av Hallstein Dvergsdal

Jølster er som kjent velsigna med mange brear, store og små. I Stardalen sender både Myklebustbreen og Jostedalsbreen sine armar ned gjennom botnar og dalar.

Breane har gjennom historia gått fram og tilbake, og vi er no inne i ein periode med tilbakegang, etter at mange brearmar gjekk mykje fram for ein del år sidan. Ein som har endra seg mykje på to mannsaldrar er breen i Soleibotnen i Veitebergsdalen.

Før og no

Reidar Bakke er ein ivrig fjellmann og har følgd breen i Soleibotnen sidan han var der på skuletur med Veiteberg skule i 1953. Den dagen vart det ikkje fotografert, men Kjartan Myklebust var der to år seinare, og han tok foto av breen.

– Første gongen eg var der, i 1953, var der ikkje teikn til noko vatn, og breen fylte heile øvre botnen, fortel Reidar, som var på plass med kamera i fjor og tok foto på same plassen. Dette fotoet syner ein heilt annan situasjon, der breen som fylte botnen er vekke, og eit vatn er komme fram.

Lang reaksjonstid

Som mange vil hugse så gjekk breane på Vestlandet mykje fram på 90-talet. Briksdalsbreen i Olden gjekk fram og tilbake fleire hundre meter i perioden mellom 1987 og 2008. På desse tjuve åra vart vatnet heilt dekkja av is, før det ti år seinare var fullstendig isfritt igjen.

Men breen i Soleibotnen hadde ikkje på langt nær slike endringar, ifølgje Reidar Bakke.

– Det er lang avstand frå breplatået og ned til fronten. Dermed gjekk ikkje denne breen så mykje fram på 90-talet. Men samanlikna med første gongen eg såg breen, i 1953, så har det skjedd mykje. I 1953 var det ingen ting å sjå av vatnet. Eg fotograferte breen i fjor sommar, frå same plassen som Kjartan Myklebust fotograferte i 1955. Alle kan sjå at her har det skjedd mykje på 60 år.

Leif Kapstad var oppe på Vardefjellet mellom Veitebergsdalen og Haugadalen no i haust. Slik såg det ut i Soleibotnen då. Foto: Leif Kapstad



Soleibotnen i 1955. Foto: Kjartan Myklebust

Breen fotografert i fjor sommar. Foto: Reidar Bakke




Synd, skam og straff i Indre Jølster på

Kva som er synd, har fått ulik dom berre i vår tid. No kan presten ha sambuar og avle barn utan å misse kappe og krage, men sist på 1600-talet ville det vore årsak til hard straff. På den tida kunne jamvel syskenbarn som fekk barn saman, bli halshogne. For at lesarane ikkje skal setje juleribba fast i halsen, så vil eg åtvare om at dette stykket handlar om stølsbrenning, mord og avretting. Men først eit hopp lengre attende, til den mest kjende jølstringen til alle tider.

å bli fri frå fredløysa, måtte han be om kona si hos slekta hennar på ny og halde bryllaup ein gong til.

Pest og innflyttarplage

Kvifor risikerte klakeggarane liv og lemmer for mager jord i Våtedalen? Vi lyt gå attende til 1349, då starta den store mannedauden, Svartedauden, historikarane meiner at kanskje 2/3 av folket døydd ut, og mange



Utsnitt av dommen frå 1754: «... som er alt til Stedet Hvide Svorren og der neden for, og paa Søre siide af Elven, lige saa langt op i lige Linie, alt fra Nordost, til Sydvest til Bratte Schree Uhren ...»
Skrivet er utlånt av Erik Klakegg.

36

Statsmannen som enda på skafottet

Audun Hugleikson hadde ei 30-års lysande karriere under to kongar, Magnus Lagabøte og Eirik Magnusson. Audun var i praksis finansminister, utanriksminister, toppdiplomat, den fremste i kongens råd. Han forhandla internasjonale avtaler om krigføring og var med og arrangerte kongelege ekteskap. Men kva syndene hans var som førte til galgen, veit vi lite om. Håkon Magnusson som blei konge i 1299, fengsla Audun same året, og truleg var det rein maktkamp som førte til henginga i 1302. Den nye kongen ville ikkje dele makta med Audun.

Vill vest i Våtedalen

Neste dramatiske dom vi les om, råka to karar frå Klakegg. Dei vart dømde etter Magnus Lagabøtes lov, den lova som Audun hadde hatt stor del i utforminga av. I 1563 vart dei to dømde for å ha brent ned ein støl for breimningane og jaga vekk beista. Staden heiter Brendestølen den dag i dag, og ligg på vestsida av Våtedalselva, ca. 200 meter sør for Merkingsgarden som no er grensa mellom bøndene i Sunn- og Nordfjord. Dei to klakeggarane gjekk om natta med glør i «et ladt rør» til den nyinnflytta stølen og brende han ned. Karane vart dømde som «brende varger», dvs. dømde fredlause og måtte rømme bygda.

Etter norsk lov på 1500-talet, fanst ikkje dødsstraff. En fredlaus blei nesten rekna for å vere ein daud mann. Buet hans vart skifta og kona rekna for enkje. Skulle han oppnå

gardar vart liggjande aude, jamfør dei mange gardsnamna Øygaard. Det vi veit er at i Jølster fann kongen berre to gardar å skattlegge i 1520, Ålhus og Hegnes. Frå Våtedalen t.o.m. Gåsemyr i Breim fann kongen same året også berre to skattegardar, men berre på 100 år auka gardstalet til 22.

Denne enorme folkeauken i innlandet kravde mat til folk og buskap, og folket på Hjelle, Bergheim og Egge søkte til Våtedalen for å hauste av naturen. Sameleis veit vi at det vart sterk folkeauke i Jølster, også på Klakegg. Desse nybyggarane frå kvar sin ende av Våtedalen rauk i hop om ressursane i dalen, beiteland, slåtteteigar og skog. Sidan Svartedauden hadde gamle merke, avtaler og skrifter blitt borte, og folk tok seg til rette. Med rette kan ein samanlikne det med ville vesten i nybyggjartida i USA.

Grensestrid i 200 år

I ei lagtingssak frå 1751, skulda breimningane klakeggarane for at dei «paa underfundig maade har tilsnegen sig Fjellbejte og Skoghugster – nordenfor Buche Steen og Buchesteen uhren.» (Køyrer du Våtedalen nordover frå Klakegg, passerer brua, så har du Erik Klakeggs geitefjøs oppe til høgri i Bukkesteinsura. Ser du den største steinen over elva til venstre, så har du Bukkesteinen.) Hit opp ville breimningane ha full råderett. Men den endelege dommen i 1754 fastsette grensa nord til Kvitessvora og Bratteskedura. Klakeggarane vart pålagde å setje opp merkingsgard, og det namnet står i kartet, og

1500- og 1600-talet

Av Jonas Helge Torsheim

merkesteinen ser du like inntil vegen på austsida, nær skiltet for kommunegrensa. Dermed var det viktigaste rettsgrunnlaget lagt for fred mellom jølstringar og breimningar i Våtedalen. Småsaker har det vore sidan, også slagsmål, men ingen er blitt lyst fredlause.

Som eit apropos kan ein nemne at klakeggarane fekk brent alle sine stolar sommaren 1902 – skogbrannen ovanfor gardane og opp Klakeggfjellet gjorde reint bord. Denne gongen fekk jølstringane hjelp frå folk frå Årdalen i Breim med sløkkinga, så tilhøva til folk i nabokommunen var blitt betrakteleg betre. To ungdommar frå nærområdet i Jølster fekk rykte på seg at dei hadde starta brannen, dei to flytta til USA like etter. Kanskje dei kjende seg fredlause? Dei enda sine liv i ein præriebrann. (Sjå det Lidvald Klakegg skriv om brannen på Klakeggfjellet i ei tidlegare utgåve av Jølst)

Men Brendestølen vart for 100 år sidan til fryd og glede for ungdommar både frå Jølster og Breim. I området vart det bygt ein mykje omtykt danseflake, og ingen lovbrøt vart rapporterte. Ungdommane måtte frå vegsida ta seg over elva bort til Hjellestølen først. Det gjekk greitt ved å klatre opp i ein kasse under ein løypestreng og så fire seg bort til vestsida. Kor mykje ungdommane synda der borte ved Brendestølen, det veit vi ikkje. Men fleire ramla

i elva frå løypestrengskassen på heimvegen. Kanskje fekk dei tvetta sine synder i «Waatedalens flod.»

Meir fredløyse – og manndrap i Jølster

På 1600-talet levde Rasmus Rasmesson Yrdal (Årdal), ein vidløftig kar. Han var ein dyktig smed, mellom anna vart det i buet hans ettersøkt ein verdfull nykel han hadde laga. Men han var òg ein kvinnekjær kar. Han fekk barn med syskenbarnet sitt, og slikt vart ein fredlyst for i den tida, og Rasmus smed måtte rømme til Fjærland, som hørte til eit anna juridisk område. Men i 1643 kom Rasmus til Lunde i Kjøsnesfjorden, der Jakob Fransson Lunde heldt forlovingsselskap (festarøl) for dotter si, Kari, og Jo Garp. Rasmus var rasande, for han ville sjølv ha Kari til kone. Bror til Kari, Frans Jakobsson, fortalde i granskinga etterpå sin første versjon av det som hende. Sjølv om Rasmus vart tungt drukken, fekk Frans han med seg i båt og ville ro han heim til Årdalen. Men Rasmus skapte seg galen, treiv årane og rodde motsett veg, han ville inn att til Lunde og ta Jo Garp. Det vart slagsmål i båten og Rasmus ramla over bord og drukna.

37

Bukkesteinsura. Foto: Hallstein Dvergsdal





Grensesteinen mellom Breim og Jølster.
Foto: Hallstein Dvergsdal

Deretter var det Frans som flytta til Fjærland, men i ein krangel mellom to brør på Bøyane kom det opp att ein av dei hadde fått mystisk mykje pengar av Frans Lunde, og det dukka på uforklarleg vis opp eigneluter etter Rasmus smed. Rykta kom futen for Ytre Sogn for øyre, og i samarbeid med futen i Sunnfjord fekk dei sett fast Frans Lunde. Jonsokdag 1653 vart det helde tolv manns rettar-ting på Sandneset i Jølster. Frans hadde forklara seg i Fjærland, og dette var ein ny versjon: Rasmus hadde kome til Lunde kvelden før selskapet, oppført seg truande og veiva med kniv. Festarøl-kvelden gjekk Kari i fjøset, Rasmus lurte seg etter henne og var nærgåande. Frans kom til og ville verje syster si, det vart «Haardrag», og slagsmålet enda med at Frans drog kniv og stakk Rasmus i brystet så han fall daud om i løedøra. Sidan frakta Frans liket til fjords, henta båt, og Rasmus enda i Jølstravatnet. Slik slutta dei to versjonane av dramaet likt.

Futen ville ha Frans dømd til «partering» levande. Men dommen vart mildare: Han skulle «miste Hans Hals», hovudet skulle setjast på ein staur, og kroppen «udi Hedenn Jord begreffues». I 1653 vart Frans halshoggen på Veganaset nær Dragsvik. Reiser du med ferja frå Hella, så ser du fyren på neset straks før ferja er framme. Albert Joleik skriv at bøddelen fekk 3 spesiedalar for avrettinga,

medan vanleg takst var 4. Hadde Frans hatt magre kår på Mundal? (For å gje ein ide om pengeverdien: årsløn for ein dreng var 12 spesiedalar den tida).

Frans hadde vore gift i ti år på nedre Mundal, det vart meir sorg for enkja. Bygdeboka for Balestrand meiner enkja, Åsa Mundal, blei attgift med ein kar som fekk barn med tenestejenta, Gurid. Gurid prøvde å løyne skamma si med å ta livet av barnet, men det blei oppdaga. Og som Frans Lunde, så vart ho «rettet». Barnefaren måtte svare så harde bøter at han tapte garden som han hadde gifta seg til, men greidde likevel ikkje å betale alt, og vart truleg «forvist til bergverkerne» på tvangsarbeid. Ekte-skapsbrot vart hardt straffa langt opp mot 1900-talet, men var det rett person som blei straffa hardast?

Sakspapira gir også innsikt i samferdsla mellom Jølster og Fjærland. Joleik skriv at etter Rasmus smed var omkomen «kom jølstringane Arnfinn Johanson Ordal og Tore Aarset med øykjer (til Fjærland) og henta eignelutene hans (...) det var ei bumba med smidjereiskapane hans og nokre klede.» Det fanst ikkje tunnelar gjennom fjellet eller ferjer inn Fjærlandsfjorden den gongen, så ferda gjekk nok over breen begge vegar. Men vi som har gått det stupbratte Lundaskardet, der du til dels må hale deg opp etter ein vaier, vi kan vanskeleg sjå korleis dei kom opp med hest der, langt mindre ned att med kløv. Truleg gjekk dei den lengre, men lettare framkomelege stien gjennom Søgnesandsdalen.

Å halde seg på «den smale veg» juridisk og moralsk, har vore vanskeleg nok til alle tider. Korleis ville ein i dag dømt i slike saker? Å brenne ein støl ville nok ikkje blitt godteke, sjølv om ein meinte han stod på ulovleg grunn. Men på 1500-talet var kamp om beite og utslåttar ein kamp for livet. Kunne du føre ein sau ekstra, så kunne det gje livberging eitt år for ein ekstra person i hushaldet. Og Frans Lunde? Var siste vitnemålet hans sant, så var knivdrapet sjølvforsvar for seg og systema. Men eitt kan vi vere sikre på, futen og dernest kongen tente godt på bøkene. Fredlause, ekteskapsbrytarar og drapsmenn, fekk alle sine eigneluter kverrsatte, heile gardar gjekk med. Og hardast gjekk straffene ut mot kvinner og småkårsfolk. Dei var det verkeleg synd på.

Skriftlege kjelder:

Albert Joleik: Soga um Jølst fram til 1801

Per Sandal: Soga om Gloppen og Breim, bind 5

Kjell Råd: Støylar i Breim

Jon Laberg og Olav Hoprekstad: Balestrand bygdebok, bind 1, Fjærland sokn

Dom frå 1754 – utskrift utlånt av Erik Klakegg

Lidvald Klakegg: Gamlestøylen på Klakegg og brannen i 1902 (Jølst 19...)

Munnlege kjelder:

Erik Klakegg om rettsdokument og området kring Bukkesteinsurda og Bukkesteinen

Helge Lundal om området kring Brendestølen og ungdomssamkomer

Lidvald Klakegg om danseflake på Brendestølen og brannen på Klakeggsfjellet i 1902

Silje er den nye presten i Jølster

Av Hallstein Dvergsdal

Sidan sist «Jølst» var i handelen, har bygda fått ny prest. Og ikkje nok med det, vi har fått vår første kvinne som prest i Jølster.

Silje Sørebo kom til Jølster i pinsa 2015 frå teneste i Oslo, nærare bestemt Holmlia. Men før ho kom hit som sokneprest, hadde ho i studietida to somrar som vikarprest i bygda.

Mykje som trekte

At ho hamna i Jølster var nok ikkje heilt tilfeldig. Ho hadde vore her før, og ho kjende litt til bygda og menneska her.

– Naturen her i Jølster var ein av faktorane som trekte. Eg er oppvaksen i Sogn, og naturen her i Jølster er ikkje fullt så dramatisk som der, noko som passa mannen min bra. Han er nemleg frå Austlandet, og då blir Jølster litt i mellom Sogn og Austlandet, seier Silje, som også er klar på at sidan det nærma seg skulestart for dei to smågutane, så var det viktig å finne ein plass dei kunne bu ei stund.

– Jølster er ein slik plass, smiler ho og syner til at både friluftsliv og kulturaktivitetar er ting som freistar i Astrupbygda.

Hjortejeger

– Oi, den var nær, kviskrar Silje under ein jakttur i oktober. Vi er i Orkja, i lia oppfor Myklebust, og det tek til å skymast. Det er ein nydeleg kveld med ein knallraud vesthimmel, blikk stilt og rundt oss på alle kantar høyrer vi hjortebrøl.

– Desse lydane får meg på ein måte tilbake til urtida, dette er naturoppleving på sitt beste, seier Silje og lyttar intenst til brøla som stadig kjem nærare og lagar ei trolsk stemning.

Silje Sørebo er oppvaksen i ei jegerfamilie og har fått hjortejakt inn med morsmjølka. Faren, prost Geir Sørebo, har alltid vore ein ivrig hjortejeger, og som eigar av eit gardsbruk på Sørebo, på sørsida av Sognefjorden, så har han også tilgang på hjortejakt. Slik vart Silje tidleg gripen av jegerbasillen, og ho tok like godt teorien til jegerprøva som valfag på vidaregåande i Balestrand.

– Interesse for natur og friluftsliv, kombinert med at eg vaks opp med ein far som jakta, gjorde at eg fatta interesse for det som då var ein ganske mannsdominert aktivitet, fortel presten, som er ikkje så heilt lite stolt over å fortelje at ho var den første kvinna som felte hjort i Sørebdalen.

– Eg var også åleine kvinne på jaktlaget, noko som kunne ha sine utfordringar. Vi starta som regel jaktseongen med ein tur på støylen og drivjakt i terrenget der. Det var sosialt og triveleg på alle måtar, og eg vart alltid



Silje Sørebo hadde to somrar som vikarprest før ho kom til Jølster som sokneprest i fjor sommar. – Jølstringane er eit stødig og flittig folkeferd, seier ho.

godt motteken. Men det kunne til tider bli ei litt spesiell atmosfære i den vesle hytta når ein gjeng mannfolk vrengde av seg sure sokkar og hengde dei til tork ved omnen, fortel Silje og hugsar spesielt ein episode.

– Eg låg i overkøya og vakna ut på natta i den tjukkaste luft eg nokon sinne har opplevd. Eg måtte berre komme meg ut for å berge livet, ler ho.

Førebels pause

Silje starta som aktiv hjortejeger i 20-årsalderen, og jakta i mange år fram til ho fekk born som trettiåring. Då måtte ho ta pause, men ho er ganske klar på at den pausen vil ta slutt, og at ho skal til skogs att med børsa.

Ho har også funne ut at Jølster har ei flott skytebane,



Hjortejakt er ein av fleire av Silje sine fritidsaktivitetar, og aldri er sansane meir skjerpa enn når ho er på jakt, fortel ho.

ei bane ho prøvde i fjor sommar, og ho har også meldt seg inn i skyttarlaget.

– Eg tykkjer det er fantastisk å vere ute i naturen og bruke sansane. Aldri er sansane meir skjerpa enn når eg er på jakt. Men eg merkar at ettersom eg blir eldre så tenkjer eg meir og meir på kva som kan skje av uheldige ting som skadeskyting.

– Korleis ser du som prest på det å vere med på å ta liv i naturen?

– Skulle eg vere mot jakt, måtte eg også vere vegetarianar. Eg ser på jakta som ein del av det å forvalte skaparverket, enkelt og greitt. Eg ser også at desse dyra har det veldig bra i naturen, og med ei forsvarleg jaktutøving, så vil dei også få ei god avslutning på livet, seier presten, som er glad i natur og friluftsliv og som også kan bruke fiskestonga om det trengs. Ho har også ei fartstid bak seg som o-løpar, ein idrett ho kom i kontakt med i studietida, og det var også i o-miljøet ho treffe mannen sin. Silje har også hanka inn eit par KM-titlar for Sogn og Fjordane etter at ho kom hit.

Avventande

– Eg kjenner meg som sogning, seier Silje og viser til mesteparten av barndoms- og ungdomstida vart levd i Lavik, der faren var prest og prost. Men dei aller første

leveåra budde ho i Askim, og det er derifrå ho har dialekta si. Etter vidaregåande på Sygna i Balestrand, vart det eitt år med franskstudiar i Bergen. Ho har vore eitt år i Afrika som lærar på ein misjonsskule, og ho var også eitt år i Praha før det vart teologistudiar på Menighetsfakultetet i Oslo. Etter det var ho i åtte år prest i Holmlia, før ho no har etablert seg med mann og to gutar i Jølster.

– Kva inntrykk har du fått av jølstringane etter eitt og eit halvt år i bygda, er dei tilknappa eller opne?

– Jølstringane er kanskje ikkje av dei mest utovervende, men dei er stødige og trivelege folk. Samstundes er dei kanskje litt avventande overfor framande, men jølstringane er hardtarbeidande, har god dugnadsånd og dei er flinke til å ta vare på tradisjonar, smiler presten, som kan avsløre at ho er oppteken av folkemusikk og folkedans. Dette er mellom tradisjonane ho ser står sterkt i Jølster, og ho har også merka seg at identitet og tilhørslse er litt annleis i Jølster enn i drabantbyen Holmlia.

– I Jølster har folk og slekter budd i generasjonar, slik blir det ikkje i ein drabantby, der alt er relativt nytt.

Litteratur, musikk og forteljing

Silje Sørebo er eit litteraturinteressert menneske, noko som går fram av ein artikkel annan stad i bladet. Ho er også historieinteressert, og ho er oppteken av forteljar-kunst, eit emne ho har eit høgskulestudium på, og noko jølstringane har fått glede av siste året gjennom forteljar-kveldar i Kjosnesstova, på arrangement i regi av pensjonistlaget og smakebitar i kyrkja.

– Dette med å fortelje er noko som har oppteke meg lenge, og det er ein måte å formidle på som kanskje er på veg ut, men som er vel verdt å ta vare på. Det kan godt hende eg kjem til å lage fleire slike opplegg, fortel presten, som før ho kom til Jølster sette seg inn i ein del gamle bispevisitasrapportar frå Jølster. Der fann ho ut at jølstringane i eldre tider har vore både stridige og obstanasige. I «Gamle ord i jølstramålet» av Daniel Dvergsdal, er tydinga av ordet sjølvrådige eller trassig, noko som stemmer med det Silje las om ein strid om ein salme som skulle syngast og som ikkje alle likte.

– Eg las at ein søndag så møtte det opp mykje folk ved kyrkja, men mange vart ståande ute og ikkje gjekk inn. Dei som gjekk inn song ikkje, så her var det snakk om skikkeleg opprør mot øvrigheita, ler Silje. Då ho las dette lurte ho også på om jølstringane kom til å reagere negativt på det å få sin første kvinnelege prest, noko dei absolutt ikkje har gjort, så vidt vi kan sjå.

Når det gjeld musikk er Silje omtrent altetande, men har som sagt ein favoritt i folkemusikk, og sist vinter var ho med på folkedansøving i Borgja.

– Eg likar det meste av musikk, så nær som heavy metal, fortel presten, som var å sjå på jazzfestivalen tidlegare i haust og som tykkjer det er flott at jazzklubben har fått til dette arrangementet.

Vil ikkje på stolen

Silje Sørebo har sjølv sagt også tankar om prestegjeringa,



Den nye soknepresten i Jølster er ein god formidlar og ein god forteljar. Ho vil heller ikkje ha problem med å vie homofile par om det skulle bli aktuelt.

og om korleis ho skal formidle kyrkja sin budskap til kyrkjelyden.

– Dette med å bruke preikestolen er vel litt avleggs?

– Ja, det er for meg ein unaturleg og rar måte å snakke til folk på. Dessutan er eg så lita at om eg gjekk opp på preikestolen, så ville tilhøyrarane berre sjå toppen av meg, svarar presten og demonstrerer akkurat det med å legge eine handa under haka.

– Har du gjort deg opp tankar om kva som skal til for å fylle opp kyrkjene?

– Det bør kanskje du fortelje meg, er det kontante svaret frå presten, som legg til at ho prøver å få til ei gudsteneste som ho sjølv har glede av å vere med på. Ho tykkjer heller ikkje at oppslutninga om gudstenestene er så dårleg som mange vil ha det til.

– Eg trur det er viktig å få inn i gudstenesta det som til ei kvar tid skjer i samfunnet. Kyrkja må vere aktuell og til ei kvar tid moderne. Vi ser til dømes at det er godt frammøte til friluftsgudstenester.

– Kan ei gudsteneste på skytebana vere aktuelt?

– Ja, absolutt, det kunne vere ein fin plass for ei jegergudsteneste.

41

Vil vie homofile

I kyrkja har det som kjent vore ein del strid kring temaet homofili og kyrkja sitt syn på homofile ekteskap.

– Korleis er soknepresten i Jølster sitt syn i denne saka?

– Eg har eit ganske liberalt syn på dette med homofili, sjølv om det alltid er råd å finne tekstar i Bibelen som forsvargar motstand mot homofile ekteskap. Der er nok oppfatninga at ekteskapet er ei affære mellom kvinne og mann. Neste år får vi liturgi tilpassa vigsle av homofile par, og dermed vil kyrkja også vere eit alternativ for homofile som ønskjer å gifte seg.

– Vil du sjølv vie homofile?

– Ja, om nokon spør, så er eg klar for det, svarar presten, som slik sett ønskjer å vere prest for alle, og som om ikkje lenge vil vere på plass att i hjorteskogen.

– Eg tok bryllaupsreisa som jakttur «heim» til Sørebo, utan mann, smiler jegerpresten, som har teke plass mellom ei ein stadig veksande flokk av kvinnelege hjortejegerar i si nye heimbygd.



AUDHILD VIKENS AS

Skei 57 72 81 25 • Førde 57 82 00 84

MASKINENTREPRENØR Jostein Sunde As

jostein-sunde.com

graving • sprenging
transport
singel • grus og pukk

6843 SKEI I JØLSTER
Mobil 95 75 96 94

Velkommen til Jølster Panorama – i verdas vakraste ramme!



Jølster Panorama er ein idyllisk, ny og moderne campingplass som ligg i vasskanten av Jølstravatnet. Vi har 40 oppstillingsplassar for camping og telt og nytt og moderne sanitærbygg. Vi kan tilby båthavn, båtutleige og sløyerom. I tillegg både sel vi, og leiger ut fiskeutstyr. Fiskekort kan du kjøpe hos oss.



På Jølster Panorama kan du sitte på takterassen og nyte den fantastiske utsikten over Jølstravatnet og fjella ikring. Du kan dyppe føtene i vatnet, og nyte stunda, rett og slett. Ver velkommen!

jolsterpanorama.no
Jølster Panorama
malene@essoskei.no
Tlf. 57 72 82 34

JØLSTER PANORAMA
CAMPINGLEIDE I VASSKANTEN



Visa Gåvekort

- Den perfekte gáva!
Kan brukast både i butikkar og på nett.

Bestill direkte på ssf.no/visagave



meirennbank.no

Fotball, pub og Astrup

Jølstringar i fotspora til vikingar, fotballspelarar og Nikolai Astrup.

Av Jan Asle Bolset.

For nordmenn har England alltid vore ein nabo ute i havet med ei viktig tilknytning. Heilt frå vikingtida, då hardbalne vikingar reiste på tokt frå Noreg til den grøne øya der vest, til vår nyare historie der motstandsfolk under krigen søkte ei trygg hamn og dessutan fekk militær trening og utdanning av våre allierte. Vi har dessutan eit kongehus med djupe røter til det engelske.

Tippekamp og Drillo

I nyare tid fekk vi tippekampen frå England. Tippekampen fekk kultstatus på 70/80-talet. Laurdag kl. 1600. Arne Scheie og Øyvind Johnsen med fleire som kommentatorar, vart fast opptakt til fest og moro seinare på laurdagskvelden.

Norsk fotball har alltid sett til England, og på 90-talet,

under Drillo-revolusjonen i norsk fotball, vart endeleg norske fotballspelarar gode nok for Engelsk toppfotball. Noreg fekk ein ny eksportartikkel: Fotballspelarar.

Brått vart norske fotballspelarar verdt hundrevis av millionar kroner. Fotballagentar i mørke solbriller og med stresskoffertar fulle av kontraktar med store tal, byrja reise med fly att og fram over havet mellom Noreg og England. Den nye vikingtida starta. Sverd vart bytta ut med skarpe pennar og lugubre kontraktar. Store summer med britiske pund fann vegen ned i lommene til agentar og deira klientar, fotballspelarane.

Betre enn England

Vi slo England 2–1 på Ullevål stadion i 1981. Dette er rekna som ein milepæl i Norsk fotball. Tolv år seinare slo



vi dei igjen. Ikkje berre audmjuka vi dei med ein solid 3–0-siger. Vi slo dei ut av heile VM-kvalifiseringa. Noreg til VM i fotball – England laut vere heime. Noreg var det nye i fotballverda. Flo og Drillo, langpasning og Flo-pasning. Bakrom og gjennombrot. Best med og utan ball. Nye omgrep vart skapte, og for ei stund var Noreg betre enn England i deira eige spel. Ikkje berre kunne vi gå på ski, vi var betre enn England i fotball.

Vi som hadde spelt lokalfotball mot alle desse karane som hadde Flo som etternamn, laut sjå at dei reiste over dammen til England for å verte storkjendisar med ei rett god løn, rett etter at vi hadde spelt mot dei i den lokale serien, medan vi gjekk i fjøsen for å mjølke kyr, eller hadde anna «vanleg» arbeid.

Alt som går opp kjem som regel ned. Slik vart det òg for det norske fotballeventyret. Drillo pensjonerte seg. Flo-karane hengde fotballskoa frå seg, og dei norske fotballspelarane var ikkje so gode lenger, og England paserte Noreg som fotballnasjon.

Jølstringar til England

Sjølv om eksporten av fotballspelarar over til England til slutt tørka ut og nesten forsvann, har ikkje straumen av nordmenn som reiser over vorte mindre, tvert i mot. Sportsreiser med eksklusive kampar i Liverpool, London og Manchester er no det heilt store. For ein bra slump med pengar får ein reise og opphald, samt billettar til kampar i den Engelske toppligaen. For dei som likar godt øl, er sjølvstøtt eit besøk eller to på dei vidgjetne engelske pubane noko ein lyt få med seg. For dei som reiste for å sjå fotball i England sin hovudstad, London i år. Kunne ein også få med seg utstillinga til Jølster sin store kunstnar, Nikolai Astrup. Den internasjonale lanseringa av Astrup sine verk fekk ein flott start i London. Nær 50 000 såg denne utstillinga. Blant desse var 3 karar frå Astrup si heimbygd, Jølster.

Ola Fugle, Magne Bolset og Oddvar Inge Skrede har eit par fotballturar til England bak seg. I år hadde dei to kampar på programmet under helgevitjinga til London. At ein kunstnar frå heimbygda vart presentert i dei høge sirkclar blant fiffen i London, fekk karane til å ta turen på utstillinga.

Kultursjokk?

Ei helg i London med til-flyt av so mykje kultur i form av fotball, øl og Astrup, kan ta pusten frå nokon og ein kvar. Men desse karane har opparbeidd seg god erfaring frå liknande arrangement tidlegare. Over 25 år med cupfinalehelg i Oslo seinhaustes tilseier at dei har vore ute ei vinternatt før. Det nye i London var opplevinga med Astrup-utstillinga. På spørsmål om kva kjensler og inntrykk dei fekk når dei vitja sambygdingen Astrup si utstilling i ein verdsmetropol som London, svarar dei at det var ei fin oppleving å gå blant so mykje begeistra publikum på galleriet i London. Å sjå at måleria til Astrup vekte slik oppsikt, fekk ein til å kjenne seg aldri so lite stolt over å vere jølstring, seier Ola Fugle.



At verda er i ferd med å verte mindre, kan karane frå Jølster bekrefte. Ikkje sjeldan møter dei andre jølstringar som er ute i same ærend som dei. Fotballoppleving med noko attåt i England, er vorte ein trendsetjar hjå den fotballinteresserte delen av Noreg. Å få ei Astrup-utstilling på kjøpet vart reine bonusen for desse 3 jølstringane denne gongen.

Nye turar?

På spørsmål om det vert nye turar, seier dei at det er godt mogeleg. Det skal godt gjerast å få eit so godt program ein gong til, seier Ola. Alle tre fekk sjå sitt engelske favorittlag i aksjon. På laurdag såg dei Oddvar Inge sitt favorittlag, Tottenham, heime på White Heart Lane, mot Ola sitt Arsenal. På søndag varma dei opp med Astrup før dei reiste til Selhurst Park og såg Crystal Palace spele mot Magne sitt lag, Liverpool. Ei helg med mange gode opplevingar, og fotball, pub og Astrup var ein god kombinasjon, avsluttar Ola Fugle på vegner av dei tre jølstringane.

Avslutningsvis lyt underteikna påpeike at ei Astrup-utstilling av dette kaliberet burde vorte presentert på heimebane i Jølster til liks med London, Oslo og andre storbyar.

Her vart det bortesiger til England.

Dåpsferda på Jølstravatnet 1942

Av Odd Skrede

Jenny Andrea Kjøsnes vart døypt sju dagar gamal, 2. april 1942.

Året er 1942. Den andre verdskrigen rasar i landet, og Jølster slepp heller ikkje unna krigen. Tyskarane hadde i 1942 trua med å stenge alle kyrkjene i landet, og med det ville alle nordmenn vere utan mogelegheit til å få utført kyrkjelege tenester, mellom anna barnedåp.

26. mars dette året vart det fødd ei jente i Nilstunet på Kjøsnes. Trusselen frå tyskarane var kjent. No var det viktig å få denne babyen døypt før Helgheim kyrkje vart stengt. Å komme seg frå Kjøsnes til Helgheim på denne årstida, med dårleg sledeføre, var ikkje så enkelt, i tillegg var isen på Jølstravatnet ikkje trygg. Fadrane skulle òg kome seg fram, og i dette tilfelle kom dei frå Sægrov, Sunde, Grepstad og Årdalen. Det var inga bru Kjøsnes–Sunde på denne tida, så for å kome seg fram her over vatnet, måtte dei i open båt.

Severina Sægrov, som var tanta til babyen på Kjøsnes, skulle vere gudmor. Ho hadde den 12. mars fått ein liten gut som var døypt tidlegare og hadde fått namnet Ivar. Han måtte òg vere med, så dei rodde ut frå Sægrov med den 14 dagar gamle guten til Nilstunet på Kjøsnes.

Her var det så opp i tunet på Kjøsnes med vesle Ivar. Ingeborg Kjøsnes, mor til Jenny, var enno ikkje oppe etter fødselen og skulle såleis ikkje vere med til kyrkja. Men dette var gjennomtenkt, og dei måtte handle praktisk. Gudmor Severina la sin nyfødde Ivar i senga til Ingeborg. Tåteflaske trengde dei ikkje. Ivar fekk pupp av si tante Ingeborg, og Jenny fekk pupp av si tante og gudmor Severina. Tenk så praktisk. Så tok Severina den sju dagar gamle babyen meg seg og tok ut på den fårefulle ferda i open trebåt i dårleg vær.

Bestefar Abraham Kjøsnes skulle ro til kyrkja. Det var som sagt dårleg vær og sterk vind, så dei måtte ro Jølstravatnet mellom isflaka, ettersom isen på vatnet heldt på å gå i oppløysing. Abraham likte ikkje turen dei måtte legge ut på, ifølgje Margit Sægrov, som no er 99 år, og som med god innleving fortalde denne historia for nokre år sidan.

Kjøsnes med Nilstunet t.h. i biletet. Ein fin haustdag som dette er det inga sak å ro på Jølstravatnet, men dåpsdagen i 1942 var det andre tilstandar. Foto: Hallstein Dvergsdal





Dei som reiste lengst kom roande frå Sægrov.

Foto Hallstein Dvergsdal



Margit Sægrov f. Grepstad (99 år) hugsar godt barnedåpen til Jenny Skrede f. Kjøsnes. Ho tykte det var kjekt å få dåpsbarnet på besøk på omsorgssenteret på Skei, der ho bur no.

Foto Hallstein Dvergsdal

I tillegg til gudmor Severina Sægrov, var desse fadarar: Margit (Grepstad) Sægrov og Olina (Sægrov) Sunde, tanter til dåpsbarnet; Tollef Grepstad, far til Margit; og Olav Oppheim, gift med søskenbarn til Nils Kjøsnes, far til dåpsbarnet.

Etter som historia seier gjekk dåpsferda på Jølstravatnet bra, men det var ein stri tørn for Abraham Kjøsnes å ro Helgheimsfjorden på langs fram og tilbake frå Kjøsnes.

Etter som eg kjenner familien, så var det nok full oppdekking med middag, kaffi og kveldsmat før barnedåpen var ferdig på Kjøsnes denne kvelden. Så var det for følget frå Sørsida å ta fatt på ein ny fårefull båttur inn Kjøsnes-

fjorden frå Kjøsnes til Sægrov. Severina no med sin 14 dagar gamle gut Ivar godt innpakka og i truleg stummande mørkre innover fjorden.

Ja, kva skal ein seie til denne historia. Her må ein slå fast at her har vore og er sterke kvinner i desse familiane. Dei kvidde seg ikkje, men jammen var folka dristige. Vi kan tenke oss ein open trebåt som sjølvsgagt var mykje stødigare enn dei vanlege plastbåtane i dag. Men her var truleg eit ausekjerald i tre det einaste av inventar. Noko slikt som redningsvestar var det sjølvsgagt ikkje ombord. Hadde ein slik båttur vorte gjennomført i dag, hadde barnevernet møtt opp straks.

Men ingen babyar tok skade av desse båtturane. Både Jenny Kjøsnes Skrede og Ivar Sægrov d.y. er godt oppegåande trass i tøff start på livet dei fekk i 1942. Då dåpsbarnet Jenny var 71 år hadde ho framleis dei tre tantene/fadrane sine i live, og gjennomsnittsalderen var då ca. 93,6 år.

Ja, Hardanger har si brudeferd, men Jølster har ei langt tøffare dåpsferd på Jølstravatnet.

Tre år med Roots Rock i Jølster

Av Atle Hamar

Hugsar de omgrepet «roots»? I åra 1992–1994 arrangerte Gjesdal Ungdomslag Roots Rock i Gjesthalla og i Stallkroa på Vassenden. Kjende artistar den gong som Tom Russel Band, Somebody's Darling, Rambelins og syskena Rita og Frank Eriksen entra scena i tur og orden laurdagskvelden. På stallkroa spelte Notodden Blues Band og Rhythm & Blues Express fredagskvelden.

sat saman med gamle Unge Venstre-venner på utestaden Justisen i Møllergata i Oslo. Det var den gong nær tilknytning og noko overlapping mellom dette ungdomspolitiske miljøet og norsk musikkpresse. Tom Skjeklesæther, redaktør i Beat og til stades på Justisen denne kvelden, visste om at den amerikanske artisten Tom Russel skulle til Noreg, og kvifor ikkje prøve til med ein konsert på Nordvestlandet?

Styret i Gjesdal Ungdomslag tok dette initiativet på alvor. Gjesthalla hadde trass alt ein solid tradisjon frå 70-talet, der alle dei største banda var innom og spelte: Aunt Mary, Prudence, Saft, Åge Aleksandersen ... Kvifor ikkje «dra til igjen»?

Sommaren 1992 såg Roots Rock dagens lys. Tom Russel med band kom, og det same gjorde duoen Somebody's Darling: Liz Tove Vespestad og Tine Valand. Desse var ikkje særleg kjende, men Tom Skjeklesæther hadde ordna med at desse kunne spele før Russel, og dei var ikkje særleg dyre å hyre inn heller. Publikum sette stor pris på denne jenteduoen, og det var ikkje rart. To veker etter slepte dei sitt første album, som selde 70 000 eksemplar, og brått var dei sterkt i vinden og blant Noregs mest ettertrakta band.

Ungdomslaget følgde på med arrangement i 93 og 94, og mange hugsar nok konserten med Eriksen og Rambelins. Eriksen var godt etablerte, Rambelins hadde kome som ein komet same året, og det vart nesten slik at Rambelins, som spelte før Eriksen, tok glorien frå hovudartisten. Etter dette arrangementet bestemte vi oss for å stogge. Det var økonomisk krevjande å arrangere med mange artistar samla, og det er elles kostnader med lyd og logistikk. Vi heldt vidare fram med eit par bluesarrangement om hausten, i samarbeid med hotellet. Her spelte både lokale og nasjonale bluesband. Dei som sto føre desse arrangementa var Svein Ove Farsund, Bjørg Årseth, Mindor Årseth, Solveig Berg og underteikna.

Hausten 1994 gjorde vi opp rekneskap for Roots-prosjektet. Vi var ca. 5000 i minus. Ikkje so gale, men likevel noko som skulle dekkast inn. Ein av medlemene i arrangørgjengen kom med eit forslag: Kva med å lodde ut eit spekekjøtlår fredagskvelden om to veker, når Rythm & Blues Express skulle spele på Stallkroa i kjellaren på hotellet? Eg hadde laga mykje spekekjøt året før, så eit lår vart henta frå frysen heime, og lodda ut på Stallkroa. Lodda fekk bein å gå på den kvelden, og om lag 5000 kroner kom inn til Gjesdal Ungdomslag. Dei som vann låret, sprette det same kvelden, og slik fekk relativt mange ta del i premien. Roots Rock 1992–1994 var saga blott, men Gjesdal Ungdomslag tapte ikkje ei krone, og mange fekk mykje moro, med høg kvalitet på artistane som var innom Gjesthalla desse åra.

ROOTS ROCK 1993

Laurdag 19. juni kl 20.30

Konferansier: ODDVAR TORSHEIM

Art: Gjesdal UL STAGEWAY

Gjesthalla, Vassenden, Jølster, laurdag 19. juni kl. 20.30

- TOM RUSSELL WITH HIS BAND
- ROOM FULL OF NAKED BOYS
- KRISTIN SOLLI
- BLÅ SEVJE

BILLETT:
På tårehand kr 140,-
På ved inngang kr 100,-

Førehandsal på følgjande stadar:
Musikkentret, Førde tlf. 057 21 643
Vassenden Slag tlf. 057 27 200
Jølsterholmen, Statvoll tlf. 057 27 185
Siel Servicentet tlf. 057 28 234

LEF BAKST
NTB
SPORSMÅL
FirdaTrykk

Tom Russel var det store trekkplasteret då han gjesta Gjesthalla på 90-talet. På konserten spelte også lokale band som "Blå sevje" og "Room full of naked boys". Mange kjende fjes på denne plakaten.

Korleis starta så dette? Gjesdal Ungdomslag var svært aktive på denne tida. Revy kvart år, ungdomsklubb og diskotek, julearrangement, studeringar og mykje aktivitet var inne i kalenderen. Gjesthalla var hovudbasen, og eg meiner det var ein gong tidleg våren 1992 at forfattaren



Foto: Hallstein Dvergsdal

Kr 90,- ISSN 0801-9592



9 770801 959319